

**STRANDA KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

**MØTEINNKALLING**

---

**Kopi til:** **Ordføraren**  
**Revisor**  
**Rådmannen**

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte

**torsdag, 13.09.2018 kl. 16.05 i Formannskapssalen.**

**SAKLISTE:**

- Sak 17/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 28.06.2018
- Sak 18/18 - Disponering av viltfondet og budsjett for viltnemnda.
- Sak 19/18 - Val av tema for Forvaltningsrevisjon 2019.
- Sak 20/18 - Budsjett Stranda kontrollutval 2019.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@skiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@skiks.no).

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

**Sak 17/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 28.06.2018**

**KONTROLLUTVALET I  
STRANDA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato 28.06.2018 kl. 09.00

Møtestad: Høgda, 4. etasje, kommunehuset

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Helge Kvame, Anne Melgaard Tårn og Eva Rinde Habostad.  
Ikke meldt forfall: Ole Jørgen Sve

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

---

**SAK 14/18**

**Godkjenning av møtebok frå møte 15.05. 2018**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 15. mai 2018 blir godkjent.

---

**Sak 15/18 - Årsmelding 2017 – Stranda kontrollutval**

Innstilling datert 21.06.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 21. juni 2018 blir vedteke som årsmelding 2017 for Stranda kontrollutval.

**SAK 16 /18**  
**ORDFØRAR SITT TILHØVE TIL REGELVERK OG PRAKSIS**

Innstilling datert 21.06.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet sluttar seg til sekretariatets utgreiing om ordførarens mynde og oppgåver ut frå gjeldande rett
  2. Kontrollutvalet ber kommunestyret ta saka til orientering
- 

**Eventuelt:**

Kontrollutvalet i Stranda vil presisere viktigheten av at alle opplysninger som følger saker som handsamast av kontrollutvalet og som skal videre til handsaming i f-skap og kommunestyre, kjem med til rett tid.

Neste møte i kontrollutvalet i Stranda blei avtalt til torsdag 23. august, kl. 16.05

Inge Gjærde    Helge Kvame    Anne Melgaard Tårn    Eva Rinde Habostad  
leiar                nestleiar                medlem                medlem

(sign.)

(sign.)

(sign.)

(sign.)

## **Sak 18/18 Disponering av viltfondet og budsjett for viltnemnda**

### Vedlegg:

- Notat frå Kommunerevisjon 3 ved forvaltningsrevisor Svein Ove Otterlei
- Informasjon til rådmann om gjennomgang av disponeringar av viltfondet 2015 – 2017
- Svar på kommentar til disponering av viltfondet 2015 - 2017

### Bakgrunn

Brev frå gruppeleiar i Frp, Frank Sve til kontrollutvalet . Vedtak i kontrollutvalet i sak 07/18. Kommunerevisjonens to formulerte problemstillingar:

1. Er disposisjonane som er gjennomført dei seinare åra i tråd med regelverket?
2. Kven har fullmakt til å disponere viltfondet, ved å fordele vidare og konkretisere utgiftene?

### Kommunerevisjonens rapport

Gjennomgang av overordna regelverk. Delegert mynde frå kommunestyret når det gjeld viltfondet. Viltlova og viltfondet. Reglement for viltnemnda. Kommunestyret sitt vedtak for 2018. Rådmannens konkretisering av viltnemndas netto- og bruttoutgifter. Detaljert oppstilling av budsjett og rekneskap for tenesteområdet 5001 Viltnemnd frå 2013 til 2017.

### Kommunerevisjonens vurderingar

Vedkomande spørsmål 1:

Dispositionane har i all hovudsak vore i tråd med regelverket. Kommunerevisjonen kan ikkje sjå at det ligg føre vesentlege rekneskapsførte utgifter som er i strid med forskrift om viltfond. Alle dei rekneskapsførte utgiftene, er så langt revisjonen kan sjå, blitt nytta til å fremje viltforvaltinga i Stranda kommune.

Vedkomande spørsmål 2:

Revisjonen peikar på at viltnemnda i åra 2015 til 2017 har vedteke eit budsjett i etterkant, i saka om løvvinga av driftsstøtte til hjortevalda.

Revisjonen meiner at det er kommunestyret sin føresetnad at det er viltnemnda, og ikkje administrasjonen, som har fullmakt til å gjere den vidare disponeringa av dei inntektene som kjem frå fellingsavgifta. «Konkretisering av utgiftene, altså korleis ein skal nytte fellingsavgiftene, ligg (difor) etter vårt syn til viltnemnda», skriv kommunerevisjonen.

Revisjonen viser her til forskrift om kommunale viltfond og reglement for viltnemnda, der det går fram at

- Rådmannen gjer vedtak i kurante saker
- Viltnemnda gjer vedtak i saker som ikkje vert rekna som kurante
- Viltnemnda skal leggje fram årleg budsjett og rekneskap for dette til kommunestyret
- Viltnemnda tilrår eige budsjett og økonomiplan

### Revisjonens tilråding

Revisjonens tilrår at viltnemnda må handsame eit konkretisert budsjett i forkant av formannskapet si handsamling av budsjettet.. Viltnemnda sitt konkretiserte budsjett bør følgje budsjettsaka som eit eige vedlegg.

Notatet frå Kommunerevisjon 3 har vore forelagt administrasjonen i Stranda kommune og synspunkt er innarbeidt i notatet.

### Kontrollutvalet

Kontrollutvalet viser til saksutgreiinga og rapporten frå kommunerevisjonen og sender saka over til kommunestyret med framlegg til slik

### **i n n s t i l l i n g**

1. **Kommunestyret føreset at det blir utarbeidd rutinar som sikrar at regelverkets krav om at viltnemnda tilrår eige budsjett og økonomiplan blir oppfylt.**
2. **Kommunestyret sluttar seg til kommunerevisjonens skisse for sakshandsaming av budsjettet for viltnemnda.**

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Vår sakshandsamar  
Svein Ove Otterlei

Dato  
13.08.18

## Disponering av viltfondet

### BAKGRUNN OG BESTILLING

Kommunestyret valde ei ny viltnemnd 21.09.17 i sak 063/17. Den nye viltnemnda hadde sitt første møte 10.11.17. I innkallinga stod det at økonomisjefen ville informere: *om fond og detaljøkonomi i viltfondet*. I protokollen stod det: *Det vart oppfordra til at budsjett skal leggast fram for behandling av viltnemnda*.

I kontrollutvalet sitt møte 19.04.18 vart viltfondet omtale under ei anna sak. Det vart då føreslått av leiaren å føre temaet opp som ei eiga sak, noko kontrollutvalet samtykka i. I saka som vart ført opp, gjorde kontrollutvalet følgjande samråystes vedtak:

*Kontrollutvalet i Stranda ber Kommunerevisjon 3 sjå nærmere på om bruken av viltfondet er i tråd med gjeldande lover, forskrifter og kommunestyrets forutsetninger.*

Bakgrunnen for saka som vart ført opp var ei referatsak 001/18 i viltnemnda av 13.02.18. Denne referatsaka var eit notat til rådmannen om gjennomgang og disponeringar av viltfondet 2015 – 2017 frå leiaren og nestleiaren i viltnemnda av 16.01.18. Den neste referatsaka 002/18 var eit svarbrev frå skogbruksjefen og einingsleiar for *Plan, miljø og næring* til leiar for viltnemnda av 07.02.18. Begge desse referatsakene vart teke til vitande i viltnemnda. Desse to breva ligg som vedlegget til dette notatet.

I svarbrevet blir det vist til delegert mynde frå kommunestyret når det gjeld viltfondet. Det stod også at:

*Kommunestyret vedtar årleg budsjett som rådmannen forholder seg til og har mynde til når det gjelder bruk av midlar utover vedtak i viltnemda. Budsjett for 2017 var kr. avrunda 210 000,- for drift. Viltnemnda har ikkje mynde til å vedta budsjett, sjå politisk reglement. Årsmelding skal vi legge fram når rekneskapen er avslutta for 2017. Budsjett vil bli lagt fram til viltnemnda for tilråing for neste år.*

Diskusjonen i desse to breva kan etter vår oppfatning konkretiserast i desse to problemstillingane:

- Er disposisjonane som er gjennomført dei seinare åra i tråd med regelverket?
- Kven har fullmakt til å disponere viltfondet, ved å fordele vidare og konkretisere utgiftene?

I dette notatet vil vi gjere ein gjennomgang av desse to problemstillingane.

**Postadresse:**  
Postboks 7734, Spjelkavik  
6022 Ålesund

**Besøksadresse:**  
Lerstadvegen 545, 4 etg.  
**Epost:**  
komrev3@komrev3.no

**Telefon:**  
70 17 21 50  
**Telefaks:**  
70 17 21 51

**Bankkonto:**  
6540 05 00465  
**Føretaksregisteret:**  
NO 971 562 587

## REGELVERK

### Viltlova og viltfondet

I viltlova § 4 går det fram at Stranda kommune er eit viltorgan. Vidare går det fram at dei andre viltorgana er departementet, Miljødirektoratet, fylkesmannen og fylkeskommunen. Det går også fram at klager på kommunale vedtak skal sendast til fylkesmannen.

For ein hjort som blir tillaten felt, skal det betalast ei fellingsavgift. Kommunen fastset denne avgifta innanfor rammer gitt av regjeringa, jmf. 2. ledd i viltlova § 40.

Maksimalsats for fellingsavgift jaktåret 2018/2019 er:

|                              |        |
|------------------------------|--------|
| Fellingsavgift hjort, vaksen | 411 kr |
| Fellingsavgift hjort, kalv   | 249 kr |

Fellingsavgiftene som kommunen fastset, skal gå inn i eit viltfond, jmf. viltlova § 43.

Dei nærmere reglane om korleis ein kan nytte midlane i viltfondet går fram av forskrift om kommunale viltfond m.m. I merknadane til denne forskriftena går det fram at viltfondet: *skal være til fremme av viltforvaltningen*, og at forskriftena: *vil kunne bidra til å sikre dette målet*.

I forskriftena § 1 om føremål, går fram at i kommunar der det er høve til jakt etter hjort, skal det etablerast eit kommunalt viltfond.

I § 2 om definisjonar går det fram at viltfondet er: *bundne driftsfond som utelukkende kan forvaltes til viltformål*.

I § 3 om inntekter til kommunale viltfond står det:

a. *Som inntekter skal regnes:*

- *Offentlig fellingsavgift for elg og hjort fastsatt av kommunen, jf. § 5.*
- *Tilskudd fra det statlige viltfondet.*
- *Fondets årlige avkastning.*

b. *Som inntekter til fondet kan regnes:*

- *Inntekter fra omsetning av ulovlig felt vilt og fallvilt av hjortevilt og bever samt hjortevilt og bever som felles etter tillatelse gitt i medhold av naturmangfoldloven § 18.*
- *Eventuelle kommunale avsetninger.*
- *Eventuelt andre midler.*

I § 5 om disponering av kommunale viltfond står det:

a. *Fondet kan brukes til:*

- *Tilskudd til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommuner gjennom samarbeid i regi av organisasjoner, enkeltpersoner eller kommunen selv.*
- *Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.*
- *Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.*

b. Fondet kan ikke brukes til:

- *Kommunal og fylkeskommunal administrasjon av viltforvaltningen (faste utgifter til lønn, møtegodtgjørelser, reiser mv.).*
- *Å erstatte skader voldt av vilt.*
- *Skuddpremier.*

I § 6 om fellingsavgifter står det:

*Kommuner der det er adgang til jakt etter elg og/eller hjort, skal fastsette og kreve inn fellingsavgift for felte dyr av disse artene. Satsene for fellingsavgifter skal fastsettes av kommunen gjennom vedtak innenfor rammer fastsatt av Kongen jf. viltloven § 40.*

*Fellingsavgiftene skal gjelde for vald som er godkjent av kommunen, selv om valdet omfatter areal i nabokommuner.*

*Dersom valdet omfatter flere kommuner, skal inntektene årlig fordeles mellom kommunene i samme forhold som fordelingen av tellende areal for vedkommende art.*

## Kommunelova og budsjettdelegering

Kommunestyret skal innan utgangen av året vedta eit budsjett for det komande kalenderårs, jmf. kommunelova § 45 punkt 1. Kommunelova § 46 punkt 1 angir i 1. setning at budsjettet er ein bindande plan for kommunen sine midlar og korleis ein skal nytte desse i budsjettåret. Det går vidare fram av 2. setning at ved løyvingar til føremål kan ein likevel gjere frådrag for tilhøyrande inntekter. Kommunestyret sine løyvingar i budsjettet er bindande for underordna organ, jmf. kommunelova § 47 punkt 1.

Med omgrepene nettoløying til eit føremål, alternativt nettobudsjettering eller nettoramme, siktat ein til den øvre ramme for utgifter til eit føremål etter frådrag for dei inntekter som er direkte tilhøyrande til føremålet. Dette går fram av forskrift om årsbudsjett § 2n.

I budsjettforskrifta § 4 vedkommande vedtak om årsbudsjett står det:

*Kommunestyret vedtar selv kommunens årsbudsjett.*

*Årsbudsjettet skal framstilles i et samlet dokument, eventuelt sammen med kommunens økonomiplan, når det er vedtatt av kommunestyret. I dette dokumentet skal inngå driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet med beløp og tekst, jf. § 5 og § 6, samt de premisser og forutsetninger årsbudsjettet bygger på.*

*Innenfor de bevilgningene som er fastsatt i årsbudsjettet, kan kommunestyret tildele underordnede kollegiale organer myndighet til å foreta en videre fordeling av de bevilgningene som er oppført i årsbudsjettet. Slike fordelinger er ikke å anse som en del av årsbudsjettet, og skal ikke framstilles i årsbudsjettet dokumentet, jf. annet ledd.*

I § 9 om disponeringsfullmakt står det:

*Dersom kommunestyret selv ikke har bestemt noe annet, har administrasjonssjefen disponeringsfullmakten.*

I merknaden til § 4 står det:

*Første ledd gjentar bestemmelsen i loven som angir at kommunestyret ikke har adgang til å delegere budsjettmyndigheten. Dette gjelder både ved vedtak av årsbudsjettet og ved eventuelle reguleringer (endringer) av årsbudsjettet. Loven og forskriften åpner samtidig for utstrakt bruk av rammebudsjettering. Kravene til budsjettets innhold og inndelinger følger av forskriften §§ 5 og 6.*

*Annet ledd angir at vedtatt økonomiplan og årsbudsjett kan framstilles i felles dokument når vedtak skjer samtidig, så lenge krav i lov og forskrift til årsbudsjett er ivaretatt.*

*Av forskriften § 9 følger det at administrasjonssjefen har fullmakt etter forskriften til å disponere kommunestyrets bevilgninger, med mindre kommunestyret selv bestemmer noe annet. Tredje ledd åpner for at kommunestyret selv kan legge begrensninger på administrasjonssjefens disponeringsfullmakt, ut over de som følger av kommunestyrets bevilgninger. Dette kan gjøres ved at formannskap eller andre kollegiale organer gis myndighet til å foreta videre fordelinger av kommunestyrets bevilgninger. Slike begrensninger kan gis ved vedtak eller regulering av det enkelte årsbudsjett, eller i form av et reglement. Tredje ledd angir samtidig at de begrensninger som følger av slikt reglement eller slikt vedtak, ikke er en del av budsjettvedtaket etter loven og at de fordelinger av bevilgninger som følger av slikt reglement eller vedtak ikke skal framstilles i årsbudsjettet. Slike fordelinger får dermed ingen innvirkning på de krav til årsbudsjettets innhold og inndeling som er fastsatt i loven og forskriften.*

*Loven og forskriften angir ingen plikt til at underordnede kollegiale organer skal foreta en videre fordeling av kommunestyrets bevilgninger. For kommuner som ønsker det, kan årsbudsjettets bevilgninger direkte angi disponeringsfullmakter for administrasjonen.*

## **Delegeringsreglement og reglement for viltnemnda**

08.04.13 vart det fremma ei sak 060/13 for formannskapet om oppnemning av eit adhoc-utval for revidering av politiske reglement. I saksutgreiinga går det fram at:

*Det har kome fram eit ynske om ein gjennomgang av dei politiske reglementa i Stranda kommune. Partia har på det grunnlag kome med tilbakemelding på representantar til adhoc-utvalet.*

19.04.13 vart det sendt ei innkalling til eit møte 25.04.13 i adhoc-utvalet. Vedlagt innkallinga låg reglementa for: KOM, FOR/PAU, HOK, MK/PLA, Kontrollutvalet og Etiske retningsliner.

I innkallinga stod det:

*Når det gjeld reglementa til MK/PLA og FOR må dei justerast i forhold til endringar som vart gjort i den politiske strukturen og næringsutvalet vart lagt ned (endringane er lagt inn med raud skrift)*

*Utvalet må ta stilling til eventuelt andre reglement som ein vil ta opp til revidering.*

*(...)*

*Viltnemnda*

20.06.13 vart det fremma ei sak 004/13 i viltnemnda om reglementet for nemnda. Saksutgreiinga var slik:

### **Bakgrunn for saka**

*Kommunen ynskjer å ta opp reglementet frå 1999 for revidering.*

### **Saksopplysningar**

*Reglementet er oppe til revidering.*

### **Vurdering**

*Det gamle reglementet ser ut til vere ok*

Det vart gjort eit slikt samrøystes vedtak:

*Reglementet for viltnemda godkjennast utan endringar.*

I reglementet som låg ved saka stod det følgjande under arbeidsområde:

*4.0 Viltnemda er kommunen sitt organ til å forvalte viltsaker i kommunen etter viltlova.*

*Viltarbeidet kan klassifiserast i emna: Viltlevande pattedyr, krypdyr og fugl. Faglege oppgåver er areal og inngrepssaker, høyringsuttalelser, hjorteviltforvaltning, viltskader, organisering av jaktområder og hundesaker.*

*4.1 Viltnemda er på vegne av kommunestyret kommunen sitt arbeidsorgan med offentlege og private organ og einskildpersoner innanfor arbeidsområdet.*

*4.2 Viltnemda skal legge fram årsmelding for verksemda innanfor arbeidsområdet.*

20.10.14 vart det fremma ei sak 001/14 i adhoc-utvalet. Under bakgrunn for saka stod det:

*Gjeldande delegasjonsreglement er frå 2007. Det er såleis eit behov for revisjon og modernisering av reglementet. For at delegasjonssystemet skal vere fullstendig må det også utarbeidast eit reglement for intern delegasjon – delegasjon frå rådmann til administrative leiarar. Intern delegasjon skal ikkje behandlast politisk, men vert godkjent av rådmannen.*

Eit framlegg til nytt delegasjonsreglement datert 14.10.14 låg ved saka. På side 77 stod det:

*Jfr. forskrift til §§ 40, 43 og 48: Forskrift om kommunale viltfond*

*Viltnemda vert gjeve mynde etter denne forskrifta.*

*Rådmannen vert gjeve mynde til å kreve inn fellingsavgift og fordele midlar innenfor ramma av godkjent budsjett og gjeldande forskrift.*

*Jfr. § 48 (om viltfondet og eigendomsrett)*

*Rådmannen gjer vedtak etter denne paragrafen i kurante saker.*

*Viltnemnda gjer vedtak etter denne paragrafen i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.*

Rådmannen gav ei tilråding i punkt 1 om at delegasjonsreglement vart godkjent slik det låg føre i vedlegget. Adhoc-utvalet gav også ei slik innstilling til formannskapet, men la til ei formulering om avklaring på spørsmål før møtet i formannskapet vedkommande betalingssatsar i pleie og omsorg, motorferdsel i utmark og vassdrag samt plan og bygningslova.

03.11.14 vart saka fremma for formannskapet som sak 103/14. I protokollen stod det: *Saka drøfta.*

12.11.14 var saka igjen i adhoc-utvalet som sak 002/14, og det vart fatta eit slik samrøystes vedtak

*Framlegget til Frank Sve vart drøfta og administrasjonen skal gå gjennom dei nemnd punkta og kome med nytt framlegg.*

*Vidare behandling til formannskap og kommunestyre*

I framlegget frå Frank Sve stod det mellom anna følgjande

*punkt 1, med følgande endring:*

(...)

*Side 77:*

*Forskrift om kommunale viltfond:*

*Viltnemnda skal leggje fram årleg budsjett og rekneskap for dette til kommunestyret.*

Same dag vart saka også fremma for formannskapet som sak 122/14 og kommunestyret som sak 113/14.

Begge utvala vedtok samrøystes følgjande: *Saka trekt.*

09.02.15 kom saka opp igjen i formannskapet som sak 009/15. I saksutgreiinga stod det at:

*Viser til møte i Adhoc-utvalet 12.11.14 og framlegg frå Frank Sve. Ein har gått gjennom framlegget og gjort nokre endringar. Om det er behov kan ein gå gjennom desse i møtet.*

Det låg ved eit oppdatert reglement datert 09.02.15. Gjeldande delegasjonsreglement for Stranda kommune vart vedteke av kommunestyret i sak 014/15 den 18.02.15.

I det nye delegasjonsreglementet vart det no lagt inn følgjande under forskrift om kommunale viltfond:

*Viltnemnda skal leggje fram årleg budsjett og rekneskap for dette til kommunestyret.*

Det vart fremma ei sak 078/15 om revisjon av politiske reglement i formannskapet 31.08.15, som gjekk til kommunestyret 02.09.15 som sak 070/15. Reglementa vart behandla i ad-hoc utvalet for reglement 17.08.15 som gav ei tilråding til formannskapet.

Bakgrunnen for saka var at reglement for kommunestyret, formannskapet, hovudutvala og godtgjersle for folkevalde skal reviderast kvart 4. år. I tillegg vart det opplyst om at reglement for plan- og byggenemnda og viltnemnda hadde vore oppe til revidering i dei ulike utvala. Vidare at det på grunnlag av nytt vedteke delegasjonsreglement, var det behov for endring i gjeldande reglement.

I det nye reglementet for viltnemnda vart det no lagt inn følgjande under arbeidsområde:

*Viltnemnda tilrår eige budsjett og økonomiplan.*

## FAKTAFRAMSTILLING

### Budsjett 2018

#### Kommunestyret sitt vedtak

Budsjett for 2018 vart lagt fram for formannskapet første gong 24.10.17 som sak 092/17. Saka vart då drøfta. Formannskapet drøfta også budsjettet 06.11.17 i sak 108/17. Innstillinga frå formannskapet låg føre 27.11.17 i sak 119/17.

Kommunestyret vedtok budsjettet 14.12.17 i sak 116/17. I punkt 1 i vedtaket vart det referert til:

*Budsjettskjema 1B – Netto driftsbudsjett per eining 2018.*

Budsjettskjema 1B var framstilt slik i budsjett dokumentet:

| BUDSJETTSKJEMA 1B - drift           |                                             | Budsjett<br>2018   | Budsjett<br>2017<br>Opphavleg | Budsjett<br>2017<br>Justert | Rekneskap<br>2016  |
|-------------------------------------|---------------------------------------------|--------------------|-------------------------------|-----------------------------|--------------------|
| Ansvar:                             | Einingsnamn:                                |                    |                               |                             |                    |
|                                     | Til fordeling drift (frå budsjettskjema 1A) | (266 190 990)      | (248 852 201)                 | (248 852 201)               | (240 559 905)      |
|                                     | Fordelt slik:                               |                    |                               |                             |                    |
| 1010,1011                           | Politisk leiing og Rådmannskontoret         | 5 403 000          | 7 826 703                     | 7 962 344                   | 13 542 488         |
| 0, 1021, 1023,                      | Staben                                      | 13 330 492         | 13 066 159                    | 13 257 269                  | 12 178 583         |
| 1022                                | FAG                                         | 16 523 895         | 16 753 292                    | 16 780 768                  | 15 537 789         |
| 1040                                | Pott lønnsoppgjør                           | 3 525 330          | 3 657 779                     | -                           | -                  |
| 2010                                | Ringstad Skule                              | 24 202 708         | 23 393 069                    | 23 738 323                  | 23 405 481         |
| 2020                                | Sunnylven Skule                             | 9 520 090          | 9 159 315                     | 9 300 705                   | 8 944 516          |
| 2030                                | Geiranger Skule og Barnehage                | 6 233 109          | 6 517 271                     | 6 625 607                   | 6 705 510          |
| 2040                                | Liabygda Skule og Barnehage                 | 3 262 928          | 3 791 572                     | 3 859 772                   | 4 094 137          |
| 2050                                | Helstad Barnehage                           | 3 703 522          | 3 094 794                     | 3 161 146                   | 2 729 029          |
| 2060                                | Stranda Ungdomsskule og Vaksenopplæring     | 17 486 573         | 17 256 166                    | 17 523 170                  | 15 963 581         |
| 2110                                | Ringstad Barnehage                          | 7 572 929          | 7 319 534                     | 7 455 567                   | 6 660 333          |
| 2120                                | Sunnylven Barnehage                         | 3 236 904          | 2 571 111                     | 2 629 067                   | 2 266 893          |
| 2200                                | PP-kontoret                                 | 1 877 507          | 1 840 009                     | 1 887 451                   | 1 608 901          |
| 3010-3014                           | Stranda Distrikt                            | 57 497 421         | 53 065 923                    | 53 767 790                  | 48 826 956         |
| 3020                                | Sunnylven Distrikt                          | 14 291 551         | 13 937 312                    | 14 121 805                  | 11 600 971         |
| 3030                                | Geiranger Distrikt                          | 4 882 356          | 4 402 580                     | 4 475 599                   | 4 177 903          |
| 3040-3043                           | Habilitering/Rehabilitering                 | 16 226 038         | 12 855 404                    | 13 120 403                  | 12 096 470         |
| 3050                                | Helsetenesta                                | 14 053 584         | 12 455 094                    | 12 767 218                  | 11 668 485         |
| 3060-3065                           | Sosialtenesta                               | 9 540 374          | 9 100 190                     | 9 210 615                   | 5 107 425          |
| 3070                                | NAV                                         | 1 284 097          | 1 183 833                     | 1 211 714                   | 1 137 305          |
| 4010-4014                           | Kultur og Fritid                            | 4 302 946          | 4 252 364                     | 4 343 082                   | 4 428 227          |
| 5010                                | Plan, Miljø, Nærings                        | 5 754 678          | 4 383 614                     | 4 528 197                   | 3 107 478          |
| 6010                                | Kommunalteknikk/Brannvem                    | 14 084 051         | 12 524 085                    | 12 648 054                  | 13 123 967         |
| 7010                                | Vaktmesterteneste                           | 3 463 191          | 3 110 692                     | 3 142 199                   | 3 253 304          |
| 7030                                | Hus til utleige                             | -                  | -                             | -                           | 25 150             |
|                                     | <b>SUM</b>                                  | <b>261 259 274</b> | <b>247 517 865</b>            | <b>247 517 865</b>          | <b>232 190 882</b> |
|                                     | Sum korrigeringar                           | 4 931 716          | 1 334 336                     | 1 334 336                   | (3 027 242)        |
|                                     | <b>Sum i alt</b>                            | <b>266 190 990</b> | <b>248 852 201</b>            | <b>248 852 201</b>          | <b>229 163 640</b> |
| <b>FOR sitt framlegg 27.11.2017</b> |                                             |                    |                               |                             |                    |

Viltnemnda og viltfondet ligg under 5010: Plan, miljø og næring. Kommunestyret vedtok ei nettoramme til denne eininga på 5 754 678 kr for 2018. I budsjett dokumentet vart det gjort ei kort skildring av denne verksemda. Det stod:

*Eininga omfattar sakshandsaming innan næring, landbruk, skogbruk, plan, kart, oppmåling og byggesak.*

Under kommentar til drifta frå einingsleiar vedkommande skogbruk stod det:

*Framleis stor arbeidsmengde i alle fagfelt innan skogbruk og viltsaker. Handsamar også sakar om motorferdsle i utmark.*

Dette er, sjå langt vi kan, den einaste informasjon vedkomande viltforvaltninga som vart gjeve.

Eininga sin ressursinnsats vart framstilt slik:

|                  | Budsjett 2016(J) | Rekneskap 2016 | Budsjett 2017(J) | Budsjett 2018 | Endring % |
|------------------|------------------|----------------|------------------|---------------|-----------|
| 0 Lønn           | 3 878 458        | 3 832 439      | 4 078 819        | 4 544 643     | 11,4 %    |
| 1-4 Drift        | 4 232 650        | 4 789 566      | 4 623 827        | 5 723 215     | 23,8 %    |
| 5 Finans         | 783 396          | 809 271        | 821 396          | 758 619       | -7,6 %    |
| Sum drift        | 8 894 504        | 9 431 276      | 9 524 042        | 11 026 477    | 15,8 %    |
| 6 Salsinntekter  | -1 422 388       | -2 150 144     | -1 926 972       | -2 279 425    | 18,3 %    |
| 7-9 Overføringer | -3 548 874       | -4 173 654     | -3 068 873       | -3 042 374    | -0,9 %    |
| Inntekter        | -4 971 262       | -6 323 798     | -4 995 845       | -5 321 799    | 6,5 %     |
| Netto utgifter   | 3 923 242        | 3 107 478      | 4 528 197        | 5 704 678     | 26,0 %    |

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjøre tala meir samanliknbar.

I denne einingsoversikta er nettoramma 5 704 678 kr, og det går fram av forsida til budsjett dokumentet at differansen har samanheng med at denne einingsoversikta ikkje var endra i tråd med innstillinga til formannskapet av 27.11.17, medan 2B var endra.

#### Vidare fordeling av budsjettet

Ansvar 5010: Plan, næring og miljø – Netto driftsutgifter

| Teneste                                          | Budsjett 2018    | Justert budsjett 2017 | Rekneskap 2017   |
|--------------------------------------------------|------------------|-----------------------|------------------|
| 1720 Pensjon                                     | 0                | 0                     | 2 239            |
| 1730 Premiefond                                  | 0                | 0                     | -75 384          |
| 1910 Interkommunale samarbeid - Veterinær (§ 27) | 0                | 0                     | 0                |
| 5000 Forvaltning miljø, natur og kulturminne     | 0                | 0                     | 3 311            |
| <b>5001 Viltnemnd</b>                            | <b>0</b>         | <b>-1</b>             | <b>0</b>         |
| 5010 Kulturminnevern                             | 30 000           | 0                     | 29 591           |
| 5101 Kart- og oppmålingsteneste                  | 645 417          | 793 422               | 157 387          |
| 5102 Byggesaker og bygningskontroll              | 0                | -130 057              | -191 012         |
| 5103 Anna fysisk tilrettelegging og planlegging  | 3 255 944        | 2 049 796             | 1 275 510        |
| 5201 Næringtonsteneste                           | 851 573          | 784 870               | 815 806          |
| 5202 Reiselivsteneste                            | 240 000          | 307 000               | 78 905           |
| 5203 Skogbruk og skogdrift                       | 525 144          | 476 037               | 509 252          |
| 5205 Anna tilrettelegging for næringslivet       | 0                | 40 530                | -4 440           |
| 5230 Veterinærteneste                            | 206 600          | 206 600               | 206 604          |
| 5400 Kommunal næringsverksemd                    | 0                | 0                     | -320             |
|                                                  | <b>5 754 678</b> | <b>4 528 197</b>      | <b>2 807 449</b> |

Teneste: 5001: *Viltnemnd* – Netto driftsutgifter

| Art                                     | Budsjett<br>2018 | Justert<br>budsjett 2017 | Rekneskap<br>2017 |
|-----------------------------------------|------------------|--------------------------|-------------------|
| 11000 KONTORMATRIELL                    | 3 099            | 3 099                    | 0                 |
| 11150 MATVARER                          | 0                | 0                        | 335               |
| 11220 ANNA FORBRUFSMATERIEL OG TENESTER | 185 000          | 185 000                  | 188 369           |
| 11301 TELEFONESTER                      | 0                | 0                        | 456               |
| 11500 OPPLÆRING/KURS                    | 15 512           | 15 512                   | 12 751            |
| 11601 SKYSS- OG KØYREGODTGJERSLE        | 3 000            | 3 000                    | 0                 |
| 11603 KOST- OG DIETTGODTGJERSLE         | 1 136            | 1 136                    | 0                 |
| 11900 HUSLEIGE.LEIGE AV LOKALE          | 42 612           | 0                        | 5 000             |
| 13000 TIL STATEN/STATLEGE INSTITUSJONAR | 0                | 0                        | 25 000            |
| 14290 MERVERDIAVGIFT UTENFOR MVA-LOVEN  | 0                | 0                        | 1 702             |
| 15500 AVSETNING TIL BUNDNE FOND         | 58 619           | 71 231                   | 50 779            |
| 17000 REFUSJONAR FRÅ STATEN             | 0                | 0                        | -1 750            |
| 17290 KOMP. FOR MVA PÅ KJØP UTGF. DRIFT | 0                | 0                        | -1 702            |
| 18930 ANDRE AVGIFTER                    | -180 000         | -150 000                 | -280 940          |
| 19500 BRUK AV BUNDNE FOND               | -128 978         | -128 979                 | 0                 |
|                                         | <b>0</b>         | <b>0</b>                 | <b>0</b>          |

Ansvar 5010: *Plan, næring og miljø* – Brutto driftsutgifter

| Teneste                                          | Budsjett<br>2018  | Justert<br>budsjett 2017 | Rekneskap<br>2017 |
|--------------------------------------------------|-------------------|--------------------------|-------------------|
| 1720 Pensjon                                     | 0                 | 0                        | 2 239             |
| 1730 Premiefond                                  | 0                 | 0                        | -75 384           |
| 1910 Interkommunale samarbeid - Veterinær (§ 27) | 968 396           | 968 396                  | 1 076 515         |
| 5000 Forvaltning miljø, natur og kulturminne     | 0                 | 0                        | 3 311             |
| <b>5001 Viltnemnd</b>                            | <b>308 978</b>    | <b>278 978</b>           | <b>284 392</b>    |
| 5010 Kulturminnevern                             | 50 000            | 20 000                   | 29 591            |
| 5101 Kart- og oppmålingsteneste                  | 1 575 789         | 1 678 794                | 1 304 742         |
| 5102 Byggesaker og bygningskontroll              | 1 274 053         | 857 072                  | 1 117 819         |
| 5103 Anna fysisk tilrettelegging og planlegging  | 3 330 944         | 2 099 796                | 1 669 705         |
| 5201 Næringersteneste                            | 2 371 573         | 2 356 368                | 3 637 366         |
| 5202 Reiselivsteneste                            | 240 000           | 307 000                  | 78 905            |
| 5203 Skogbruk og skogdrift                       | 750 144           | 710 508                  | 738 610           |
| 5205 Anna tilrettelegging for næringslivet       | 0                 | 40 530                   | 850               |
| 5230 Veterinærteneste                            | 206 600           | 206 600                  | 206 604           |
| 5400 Kommunal næringsverksemd                    | 0                 | 0                        | 0                 |
|                                                  | <b>11 076 477</b> | <b>9 524 042</b>         | <b>10 075 264</b> |
|                                                  | 2,8 %             | 2,8 %                    | 2,8 %             |

## Detaljert justert budsjett frå 2013 til 2017

I tabellen nedanfor har vi gjort eit uttrekk av justert budsjett frå rekneskapssystemet for åra frå 2013 til 2017 for ansvar 5010: *Plan, miljø og næring* og tenesteområdet 5001: *Viltnemnd*:

|                                        |                                             | Justert<br>budsjett<br>2013 | Justert<br>budsjett<br>2014 | Justert<br>budsjett<br>2015 | Justert<br>budsjett<br>2016 | Justert<br>budsjett<br>2017 |
|----------------------------------------|---------------------------------------------|-----------------------------|-----------------------------|-----------------------------|-----------------------------|-----------------------------|
| <b>Ansvar:</b>                         | <b>5010 PLAN, MILJØ, NÆRING</b>             |                             |                             |                             |                             |                             |
| <b>Teneste:</b>                        | <b>5001 VILTNEMND</b>                       |                             |                             |                             |                             |                             |
| 10120                                  | ANNA LØN                                    | 0                           | 0                           | 1                           | 1                           | 0                           |
| 11000                                  | KONTORMATRIELL                              | 3 099                       | 3 099                       | 3 099                       | 3 099                       | 3 099                       |
| 11220                                  | ANNA FORBRUKSMATERIEL OG TENESTER           | 0                           | 0                           | 0                           | 185 000                     | 185 000                     |
| 11500                                  | OPPLÆRING/KURS                              | 3 512                       | 3 512                       | 3 512                       | 3 512                       | 15 512                      |
| 11601                                  | SKYSS- OG KØYREGODTGJERSLE                  | 2 479                       | 2 479                       | 2 479                       | 3 000                       | 3 000                       |
| 11603                                  | KOST- OG DIETTGODTGJERSLE                   | 1 136                       | 1 136                       | 1 136                       | 1 136                       | 1 136                       |
| 11705                                  | IKKJE OPPG.PL. REISEUTGIFTER                | 1 033                       | 1 033                       | 1 033                       | 0                           | 0                           |
| 12700                                  | KONSULENTTENESTER                           | 8 574                       | 8 574                       | 8 574                       | 0                           | 0                           |
| 13700                                  | DRIFTSAVTALAR MED PRIVATE                   | 34 089                      | 34 089                      | 75 000                      | 50 000                      | 0                           |
| 13701                                  | DRIFTSTILSKOT                               | 0                           | 0                           | 1                           | 1                           | 0                           |
| 14290                                  | MERVERDIAVGIFT UTENFOR MVA-LOVEN            | 8 574                       | 8 574                       | 8 574                       | 8 574                       | 0                           |
| 14700                                  | OVERFØRINGAR TIL ANDRE PRIVATE              | 53 200                      | 53 200                      | 53 200                      | 0                           | 0                           |
| <b>15500</b>                           | <b>AVSETNING TIL BUNDNE FOND</b>            | <b>112 907</b>              | <b>112 907</b>              | <b>0</b>                    | <b>33 231</b>               | <b>71 231</b>               |
| 17290                                  | KOMP. FOR MVA PÅ KJØP UTGF. DRIFT           | -8 574                      | -8 574                      | -8 574                      | -8 574                      | 0                           |
| 17300                                  | REFUSJON FRÅ FYLKESKOMMUNE                  | 0                           | 0                           | -1                          | -1                          | 0                           |
| 18930                                  | ANDRE AVGIFTER                              | -113 837                    | -113 837                    | -120 837                    | -150 000                    | -150 000                    |
| <b>19500</b>                           | <b>BRUK AV BUNDNE FOND</b>                  | <b>-106 192</b>             | <b>-106 192</b>             | <b>-27 197</b>              | <b>-128 979</b>             | <b>-128 979</b>             |
|                                        | <b>Sum teneste: 5001 VILTNEMND</b>          | <b>0</b>                    | <b>0</b>                    | <b>0</b>                    | <b>0</b>                    | <b>0</b>                    |
|                                        | <b>Sum ansvar: 5010 PLAN, MILJØ, NÆRING</b> | <b>0</b>                    | <b>0</b>                    | <b>0</b>                    | <b>0</b>                    | <b>0</b>                    |
|                                        | <b>TOTALT</b>                               | <b>0</b>                    | <b>0</b>                    | <b>0</b>                    | <b>0</b>                    | <b>0</b>                    |
| <b>Netto avsetning til bundne fond</b> |                                             | <b>6 715</b>                | <b>6 715</b>                | <b>-27 197</b>              | <b>-95 748</b>              | <b>-57 748</b>              |

Denne tabellen viser den vidare fordeling og konkretisering av budsjettet for viltnemnda. Nettoramma er budsjettert lik 0 kr for alle år, regulert mot artane 15500 og 19500 som gir netto avsetning til bundne fond. Avsetning til fond og bruk av fond har vi merka med fet blå skrift i tabellen ovanfor.

Detaljert justert budsjett for 2013 og 2014 er identiske.

## Gjennomgang av rekneskapen frå 2013 til 2017

Tilsvarande som for detaljert justert budsjett frå 2013 til 2017, har vi nedanfor gjort eit uttrekk av rekneskapen for ansvar 5010: Plan, miljø og næring og tenesteområdet 5001: Viltnemnd:

|                 |                                             | Rekneskap<br>2013 | Rekneskap<br>2014 | Rekneskap<br>2015 | Rekneskap<br>2016 | Rekneskap<br>2017 |
|-----------------|---------------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| <b>Ansvar:</b>  | <b>5010 PLAN, MILJØ, NÆRING</b>             |                   |                   |                   |                   |                   |
| <b>Teneste:</b> | <b>5001 VILTNEMND</b>                       |                   |                   |                   |                   |                   |
| 10120           | ANNA LØN                                    | 0                 | 45 640            | 0                 | 0                 | 0                 |
| 10990           | ARBEIDSGJEVARAVGIFT                         | 0                 | 4 838             | 0                 | 0                 | 0                 |
| 11150           | MATVARER                                    | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 | 335               |
| 11210           | VERNEUTSTYR OG KLE                          | 0                 | 0                 | 0                 | 11 214            | 0                 |
| 11220           | ANNA FORBRUKSMATERIEL OG TENESTER           | 0                 | 225 383           | 63 377            | 150 810           | 188 369           |
| 11300           | PORTO                                       | 0                 | 0                 | 0                 | 866               | 0                 |
| 11301           | TELEFONTENESTER                             | 0                 | 0                 | 0                 | 732               | 456               |
| 11400           | ANNONSEUTGIFTER                             | 0                 | 276               | 0                 | 2 735             | 0                 |
| 11500           | OPPLÆRING/KURS                              | 0                 | 3 432             | 9 280             | 43 801            | 12 751            |
| 11653           | STIPEND OG TILSKOT                          | 0                 | 0                 | 0                 | 10 000            | 0                 |
| 11705           | IKKJE OPPG.PL. REISEUTGIFTER                | 0                 | 0                 | 6 287             | 0                 | 0                 |
| 11900           | HUSLEIGE.LEIGE AV LOKALE                    | 0                 | 0                 | 0                 | 4 000             | 5 000             |
| 12000           | INVENTAR OG UTSTYR                          | 0                 | 0                 | 15 968            | 0                 | 0                 |
| 13000           | TIL STATEN/STATLEGE INSTITUSJONAR           | 0                 | 0                 | 0                 | 50 000            | 25 000            |
| 13300           | TIL ANDRE FYLKESKOMM/-INSTITUSJONAR         | 430               | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| 13700           | DRIFTSAVTALAR MED PRIVATE                   | 39 925            | 49 836            | 0                 | 0                 | 0                 |
| 13701           | DRIFTSTILSKOT                               | 62 500            | 0                 | 0                 | 10 000            | 0                 |
| 13800           | KJØP AV TENESTER EIGNE FORETAK              | 23 384            | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| 14000           | OVERFØRINGAR TIL STATEN                     | 0                 | 0                 | 50 000            | 0                 | 0                 |
| 14290           | MERVERDIAVGIFT UΤENFOR MVA-LOVEN            | 263               | 4 390             | 15 637            | 43 675            | 1 702             |
| 14700           | OVERFØRINGAR TIL ANDRE PRIVATE              | 0                 | 0                 | 0                 | 30 000            | 0                 |
| 15001           | MORARENTE                                   | 0                 | 0                 | 0                 | 78                | 0                 |
| <b>15500</b>    | <b>AVSETNING TIL BUNDNE FOND</b>            | <b>150 880</b>    | <b>0</b>          | <b>200 000</b>    | <b>0</b>          | <b>50 779</b>     |
| 16506           | ANDRE AVGIFTSPLIKTIGE INNTEKTER             | 0                 | 0                 | 0                 | -2 730            | 0                 |
| 17000           | REFUSJONAR FRÅ STATEN                       | 0                 | 0                 | -200 000          | 0                 | -1 750            |
| 17290           | KOMP. FOR MVA PÅ KJØP UTGF. DRIFT           | -263              | -4 390            | -15 637           | -43 675           | -1 702            |
| 17300           | REFUSJON FRÅ FYLKESKOMMUNE                  | 0                 | -55 982           | 0                 | 0                 | 0                 |
| 17700           | REFUSJONAR FRÅ PRIVATE                      | 0                 | 0                 | 0                 | -45 550           | 0                 |
| 18930           | ANDRE AVGIFTER                              | -154 020          | -171 640          | -165 660          | -220 683          | -280 940          |
| <b>19500</b>    | <b>BRUK AV BUNDNE FOND</b>                  | <b>-126 239</b>   | <b>0</b>          | <b>-81 034</b>    | <b>-45 273</b>    | <b>0</b>          |
|                 | <b>Sum teneste: 5001 VILTNEMND</b>          | <b>-3 140</b>     | <b>101 782</b>    | <b>-101 782</b>   | <b>0</b>          | <b>0</b>          |
|                 | <b>Sum ansvar: 5010 PLAN, MILJØ, NÆRING</b> | <b>-3 140</b>     | <b>101 782</b>    | <b>-101 782</b>   | <b>0</b>          | <b>0</b>          |
|                 | <b>TOTALT</b>                               | <b>-3 140</b>     | <b>101 782</b>    | <b>-101 782</b>   | <b>0</b>          | <b>0</b>          |

### Inntekter

Artane 15500 og 19500 gir netto avsetning til bundne fond. Dette har vi også her merka med fet blå skrift i tabellen ovanfor. Inntektene i tabellen er artane mellom desse to.

**Art 16506: Andre avgiftspliktige inntekter** er 2 730 kr i 2016. Det gjeld sal av hjortekjøt og refusjon for frakt av ein oter. **Art 17000: Refusjonar frå staten** er 200 000 kr i 2016, og gjeld eit tilskott frå Statens Vegvesen til Sunnhjort som kommunen skal vareformidle til NIBIO ved avslutning av prosjektet, medan 1 750 kr i 2017 er ein refusjon frå Miljødirektoratet knytt til fallvilt og skrapesjuke. **Art 17300: Refusjonar frå fylkeskommunen** er 55 982 kr i 2014 og gjeld ulvejakta som vart gjennomført våren 2014. **Art 17700:**

**Refusjonar frå private** er 45 550 kr i 2016 og gjeld refusjonar frå 17 privatpersonar som var deltagarar på eit kurs i ettersøking av fallvilt arrangert av Stranda kommune. **Art 18930: Andre avgifter** er fellingsavgiftene som blir fakturert ut til dei ulike hjortevalda.

I tabellen nedanfor har summert saman inntektene frå 2013 til 2017:

|               | 2013     | 2014     | 2015     | 2016     | 2017     |
|---------------|----------|----------|----------|----------|----------|
| Sum inntekter | -154 020 | -227 622 | -365 660 | -268 963 | -282 690 |

Samla inntekter for perioden frå 2013 til 2017 var 1 144 935 kr.

#### Utgifter og fond

I tabellen nedanfor har vil skilt mellom utgifter til Sunnhjort og dei andre utgiftene:

|                        | 2013    | 2014    | 2015    | 2016    | 2017    |
|------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Utgifter til Sunnhjort | 0       | 200 000 | 50 000  | 50 000  | 25 000  |
| Andre utgifter         | 126 239 | 129 404 | 94 912  | 264 636 | 206 911 |
| Sum utgifter           | 126 239 | 329 404 | 144 912 | 314 636 | 231 911 |

Samla utgifter for perioden frå 2013 til 2017 var 1 147 102 kr.

Differansen mellom inntektene og utgiftene skal gå til fond. Tabellen nedanfor angir netto bruk av fond:

|                                           | 2013    | 2014    | 2015     | 2016   | 2017    |
|-------------------------------------------|---------|---------|----------|--------|---------|
| Bruk av fond (+) / Avsetning til fond (-) | -27 782 | 101 782 | -220 748 | 45 673 | -50 779 |

Ved utgangen av 2017 har kommunen to fond som er satt av frå tenesteområdet 5001: *Viltnemnd*. Det første er: 2.51.75.001 *Fond viltnemnd (Fellingsavgifter)* på 262 942 kr. Det andre er: 2.51.20.104: *Hjortemerkeprosjektet* på 200 000 kr.

Tabellen nedanfor gir den korrekte utviklinga i 2.51.75.001 *Fond viltnemnd (Fellingsavgifter)*:

|                          | 2013    | 2014     | 2015    | 2016    | 2017    |
|--------------------------|---------|----------|---------|---------|---------|
| Inngående fond per 01.01 | 313 828 | 341 610  | 239 828 | 260 576 | 214 903 |
| Tilførsel til fond       | 27 782  | -101 782 | 20 748  | -45 673 | 50 779  |
| Utgående fond per 31.12  | 341 610 | 239 828  | 260 576 | 214 903 | 265 682 |

Når det gjeld differansen mellom faktisk fond i balansen per 31.12.17 på 262 942 kr, og saldo oppgitt i tabellen ovanfor på 265 682 kr, er den knytt til at 3 140 kr vart teke til inntekt i kommunerekneskapen i 2013, medan 400 kr vart teke til utgift i 2016 (gjeld ei rekning ført på ei anna ansvar enn 5010). Differansen på 2 740 kr skulle vore lagt til viltfondet. Dette er ikkje ein vesentleg feil.

|                                   | 2013    | 2014    | 2015     | 2016    | 2017    |
|-----------------------------------|---------|---------|----------|---------|---------|
| Faktisk disponering av fond       | 24 642  | 0       | -81 034  | -45 273 | 50 779  |
| Faktisk fond                      | 338 470 | 338 470 | 257 436  | 212 163 | 262 942 |
| Til resultat i kommunerekneskapen | -3 140  | 101 782 | -101 782 | 400     | 0       |

Tabellen nedanfor gir utviklinga i 2.51.20.104: Hjortemerkeprosjektet:

|                          | 2013 | 2014 | 2015    | 2016    | 2017    |
|--------------------------|------|------|---------|---------|---------|
| Inngående fond per 01.01 | 0    | 0    | 0       | 200 000 | 200 000 |
| Tilførsel til fond       | 0    | 0    | 200 000 | 200 000 | 200 000 |
| Utgående fond per 31.12  | 0    | 0    | 200 000 | 200 000 | 200 000 |

Dette fondet vart tilført 200 000 kr i 2016, og er eit tilskot frå Statens Vegvesen som kommunen skal vidareformidle til NIBIO ved avslutning av Sunnhjort-prosjektet.

#### Utgifter til Sunnhjort

Viltnemnda vedtok å vere med å støtte prosjektet Sunnhjort i sak 015/13 den 18.12.13. Prosjektet handlar om å radiomerke hjort med GPS halsbånd, for slik å få innsikt i hjorten si vandring. Prosjektet sitt hovudmål er å: *Utvikle kunnskap om hjortens arealbruk på indre Sunnmøre som grunnlag for forvaltningen i regionen.*

Det går fram av saksutgreiinga at:

*Viltnemnda har hausten 2013 sett i gong prosjektsamarbeid med kommunane Stranda, Norddal, Sykkylven og Stordal. Prosjektet vert kalla «Sunnhjort». Prosjektleiar er Erling Meisingset, forskar hjå Bioforsk.*

Vidare at:

*Bioforsk v/forskar Erling Meisingset har lagt fram ei totalramme på 350.000 kr for Stranda kommune sitt vedkomande. Rådmannen anbefaler at ein går inn i prosjektet med opptil 450.000 kr over 5 år etter dialog med dei andre kommunane for å få mest mogleg utbytte og kunnskap.*

Til slutt at:

*Viltfondet og fellingsavgift vil dekke kommunen sin investering i kunnskapen om hjortens bruk av indre Sunnmøre. Om det er nødvendig kan kommunen sette opp fellingsavgifta til maks satsar for å auke viltfondet. Den årlege inntekta som er om lag 90 000,- per 2013 med gamle takstar, men fondet vert belasta hardare med dette prosjektet og fallviltavtala aukar også i år. Med auka fellingsavgiftsatsar blir viltfondet betre rusta. Utgifter til viltfondet er i år fallviltavtala med Stranda ettersøksring og fallviltordninga med oppsamling i konteinrar. Nettovekst er om lag 0,- på viltfondet i år.*

*Viltfondet er på 224 953 kr per 09.12.2013*

Det vart fatta ein slikt samråystes vedtak:

1. *Stranda kommune vil støtte prosjektet av Bioforsk.*
2. *Stranda kan bidra med opptil kr. 350 000,- over 5 år etter mottaking av rekning slik prosjektbeskrivinga seier, og etter justering og med dialog til dei andre aktørane inntil 100 000,- meir til i prosjektet. Beløpet vert trekt av viltfondet med heimel i § 5 i forskrifta om kommunalt viltfond og fellingsavgift.*
3. *Kommunen set opp fellingsavgifta til 370 kr per vaksen dyr og 230 kr per kalv til viltfondet for å bli betre rusta økonomisk med heimel i § 6 i forskrifta om kommunalt viltfond og fellingsavgift.*

Ved utgangen av 2017 har det vore overført i alt 325 000 kr til Bioforsk. Bioforsk er no Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Det vil bli overført 25 000 kr i 2018.

Finansieringsplanen slik den går fram av statusrapport av 27.06.06 fra NIBIO:

| Hvem                             | 2014           | 2015           | 2016           | 2017           | 2018           | Sum              |
|----------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------------------|
| Nordal kommune                   | 50 000         | 50 000         | 50 000         | 50 000         | 50 000         | <b>250 000</b>   |
| Stranda kommune                  | 200 000        | 50 000         | 50 000         | 25 000         | 25 000         | <b>350 000</b>   |
| Sykylven kommune                 | 50 000         | 50 000         | 50 000         | 50 000         | 50 000         | <b>250 000</b>   |
| Viltfondet Møre og Romsdal Fylke | 70 000         | 70 000         | 70 000         | 70 000         | 70 000         | <b>350 000</b>   |
| NIBIO                            | 20 000         | 33 000         | 33 000         | 33 000         | 33 000         | <b>152 000</b>   |
| Statens Vegvesen                 |                |                | 200 000        |                |                | <b>200 000</b>   |
| <b>Sum Inntekter</b>             | <b>390 000</b> | <b>253 000</b> | <b>453 000</b> | <b>228 000</b> | <b>228 000</b> | <b>1 552 000</b> |

Inntekta fra Statens Vegvesen i tabellen ovenfor er knytt til fondet 2.51.20.104: Hjortemerkeprosjektet.

#### Utgifter 2013

Samla utgifter var **126 239 kr** i 2013.

Utgifter til Stranda ettersøksring utgjorde **38 875 kr**, medan utgifter til Norsk Protein AS utgjorde **6 362 kr**. Sett hjort til Stranda og Norddal utgjorde **6 531 kr**. Viltkveld på Storfjord kulturhus 12.03.13 inkl. husleige og annonsering utgjorde **11 541 kr**. Viltforvaltarsamling utgjorde **430 kr**.

Det vart utbetalt **62 500 kr** til Habostaddalen hjortevald knytt til avfallskontiner for slakteavfall. Denne utbetalinga har samanheng med sak 012/13 i viltnemnda 29.08.13 om søknad til viltfond.

Under bakgrunn for saka stod det:

*Habostaddalen hjortevald søker om driftsstøtte på kr 62 500,- til valdsorganisering, fra Viltfondet.*

Under vurdering stod det:

*Kommunen er positivt innstilt til å støtte arbeidet til Habostaddalen hjortevald med eit driftsstøttebeløp slik søknaden lyder. Over telefon har kommunen fått informasjon at hjortevalda i kommunen må organisere innsamling og levering slakteavfall, dette krev mykje arbeid. Arbeidet er veldig positivt for allmenta slik at slakteavfallet ikkje blir dumpa til skjemming langs vegar og rås m.m.*

Det vart gitt ei slik tilråding:

*Stranda kommune vil støtte Habostaddalen hjortevald med kr. 62 500,- i ein eingongsutbetaling etter mottaking av rekning og trekke dette beløpet av viltfondet med heimel i § 5 i forskriften om kommunalt viltfond.*

Det vart gjort eit slikt samrøystes vedtak:

*Kommunen gir driftsstøtte til hjortevalda i Stranda, Liabygda og Hellesylt for å dekke utgifter til innkjøp av kontiner for slakteavfall/fallvilt a kr. 62 500,- inkl. mva. Viltnemda forutsett at valda tek ansvar og kostnad av organisering og drift. Beløpet blir trekt av viltfondet med heimel i § 5 i forskrift om kommunalt viltfond.*

## Utgifter 2014

Samla utgifter eks. utgifter til Sunnhjort, var **129 404 kr** i 2014.

Utgifter til Stranda ettersøksring utgjorde **45 380 kr**, medan utgifter til Norsk Protein AS utgjorde **16 044 kr**. Sett hjort til Stranda og Norddal utgjorde **6 875 kr**. Utgifter til trykkeri for 500 stk 2 part skjema for vilt utgjorde **1 920 kr**. Annonsering i Storfjordnytt av eit skogplanmøte i Eidsdal og Valldal utgjorde **275 kr**.

Utgifter til Viltkonferansen i 2014 i regi av Naturdata utgjorde **3 432 kr**.

Det vart samla utbetalt **50 478 kr** over lønnssystemet til i alt 13 personar. Dette var knytt til ulvejakta i 2014.

Kontroll av skoten hjort Sunnylven utgjorde **5 000 kr**. I sak 004/14 i viltnemnda om viltfond 2014 av 07.03.14, stod det følgjande under bakgrunn for saka:

*Stranda kommune skal følgje opp dei nye retningslinene for dei nye bestandsplanane for hjortevalda.*

Under vurdering stod det:

*Auka kontroll av felt hjort og rutinar for veging av hjorteslakt frå kommunen si side, vil fremme hjorteforvaltinga og tiltaket kan heimlas i forskrifta § 5. Kommunen vil godgjere ein eller fleire kompetente personar som tek stikkprøver av felte dyr i hjortevalda. Målet må vere å sjekke rutinar for veging og kontrollere alder og kjønn på slaktet innan 72 timer etter felling.*

*Kontroll og sjekkliste er utforma på førehand som skal signerast av valdet og kontrollør.*

Det vart gjort elt slikt samrøystes vedtak:

*Stranda kommune setter av inntil 15 000 kroner til auke stikkprøvekontroll i 2014 av hjortevalda frå viltfondet med heimel i § 5 forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgifter. Timesats settast til 275 kroner inklusiv køyregodtgjersle.*

## Utgifter 2015

Samla utgifter eks. utgifter til Sunnhjort, var **94 912 kr** i 2015.

Utgifter til oppgjer av fallviltavtalen for 2014-2015 til Stranda ettersøksring utgjorde **33 800 kr**, medan utgifter til Norsk Protein AS utgjorde **8 368 kr**. Leige av Storfjord kulturhus til eit hjortemøte utgjorde **2 400 kr**.

Utgifter til Viltkonferansen i 2015 i regi av Naturdata for to stk. med reise utgjorde **15 567 kr**.

Utgifter til driftsstøtte til hjortevalda utgjorde **18 809 kr**, og var i tråd med vedtak i viltnemnda i 005/15 av 11.03.15. I same sak var det også gitt informasjon om viltfondet og sett opp eit budsjett for 2015. Det stod:

*Forskrifta om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort legg føring for bruk av viltfondet. Viltfondet var ved årsskiftet på kr 138 469 kroner før fellingsavgifta for 2014 vart fakturert ut frå kommunen på 171 300 kroner. For 2015 skal Stranda betale Bioforsk 100 000,- og Stranda ettersøksring på om lag 45 000,- slik at ein også lyt ha buffer for det.*

Viltfond 2015 1. januar: 309 769,-

Budsjett drift 2015.

Inntekt: Fallingsavgifter 170 000,-

*Utgift:*

|                             |                                              |
|-----------------------------|----------------------------------------------|
| Bioforsk                    | 100 000,-                                    |
| Stranda ettersøksring       | 45 000,-                                     |
| Norsk Protein               | 30 000,- (1 200 kr per hjort + slakteavfall) |
| Digitale vekter 40 stk.     | 19 960,- + frakt (inkl. mva.)                |
| Driftsstøtte vert på om lag | 16 000,-                                     |

Viltfond 2016: 268 809,-

Under vurdering stod det:

*Det vil vere ein stor fordel i forvaltinga om ein kjøpar inn like digitale vekter for å unngå systematiske avvik.*

*Vektene er digitalt leseleg og enkle å bruke. Likeins er det fornuftig å støtte det arbeide valdstyra gjer internt og eksternt. Særleg gjeld dette å sørge for sett hjort utfylling og organisering av veging med internkontroll av slaktevekt for å gi kommunen godt grunnlag for forvaltinga. I tillegg vil driftsstøtte og refusjon av fellingsavgift på skrapkalvar stimulere til betre forvalting av hjorten i valda rundt om.*

I same sak går det fram av punkt 11 i vedtaket at:

*Kommunen kjøper inntil 40 stk. digitale vekter for ein sum av 19960 inkl. mva + frakt til fordeling mellom valda.*

Rekneskapen for 2015 vart belasta med **15 968 kr** til kjøp av digitale vekter.

### Utgifter 2016

Samla utgifter eks. utgifter til Sunnhjort, var **264 636 kr** i 2016.

Utgifter til oppgjer av fallviltavtalen for 2015-2016 til Stranda ettersøksring utgjorde **29 000 kr**, medan utgifter til Norsk Protein AS utgjorde **18 208 kr**. Utgifter til viltkveld med Norsk hjortesenter og Naturdata inkl. annonsering samt leige av Storfjord kulturhus utgjorde **34 976 kr**.

Transport av avfallskonteiner utgjorde **12 400 kr**.

Kontroll av skoten hjort på Sunnylven utgjorde **5 000 kr**, og kontroll av skoten hjort på Stranda var **8 000 kr**.

Utgifter til ulike kurs utgjorde **54 289 kr**, der vidaregåande ettersøkskurs for 15 personar med servering utgjorde 33 689,52 kr.

Utgifter til fem tilskott til ettersøkshund à 10 000 kr, utgjorde i alt **50 000 kr**. I sak 021/15 i viltnemnda om tiltak for å sikre kommunen tilgang på ettersøkshundar av 07.12.15, vart det vedteke at:

*Stranda kommune sett i gong arbeid med å utarbeide ein strategi for å betre sikre kommunen rekruttering av ettersøkshundar.*

Utgifter til to foldeskilt og varsellamper samt underskilt til foldeskilt, deler til ein høgtrykksvaskar og eit viltkamera utgjorde **15 627 kr**. Morarente og porto utgjorde **944 kr**.

Fordelte mobilutgifter for skogbruksjef utgjorde **732 kr**.

Utgifter til driftsstøtte til hjortevalda utgjorde **35 460 kr**, og var i tråd med vedtak i viltnemnda 11.04.16 i sak 006/16. I same sak var det gitt informasjon om viltfondet, og sett opp eit budsjett for 2016: Det stod:

*Forskrifta om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort legg føring for bruk av viltfondet. Viltfondet var ved årsskiftet på kr 257 435,88,- kroner etter fellingsavgifta for 2015 vart fakturert ut frå kommunen på 165 660 kroner. Fellingsavgifta for 2016 er satt opp er dette vert budsjettert.*

*For 2016 skal Stranda betale Nibio 50 000,- og fallviltavtale på om lag 75 000,- slik at ein også lyt ha buffer for det.*

*Viltfond 2016 per 1. januar: 257 435,88,-*

*Budsjett drift 2016.*

|                                  |                  |
|----------------------------------|------------------|
| <i>Inntekt: Fellingsavgifter</i> | <i>170 000,-</i> |
|----------------------------------|------------------|

*Utgift:*

|                        |                 |
|------------------------|-----------------|
| <i>NIBIO, Bioforsk</i> | <i>50 000,-</i> |
|------------------------|-----------------|

|                                 |                 |
|---------------------------------|-----------------|
| <i>Fallviltavtale på om lag</i> | <i>75 000,-</i> |
|---------------------------------|-----------------|

|                      |                                                     |
|----------------------|-----------------------------------------------------|
| <i>Norsk Protein</i> | <i>15 000,- (1 200 kr per hjort + slakteavfall)</i> |
|----------------------|-----------------------------------------------------|

|                                                      |                 |
|------------------------------------------------------|-----------------|
| <i>Viltkveld med Norsk hjortesenter og Naturdata</i> | <i>35 000,-</i> |
|------------------------------------------------------|-----------------|

|                                    |                 |
|------------------------------------|-----------------|
| <i>Driftsstøtte vert på om lag</i> | <i>35 190,-</i> |
|------------------------------------|-----------------|

|                                    |                 |
|------------------------------------|-----------------|
| <i>Kurs og vektkontroll om lag</i> | <i>15 000,-</i> |
|------------------------------------|-----------------|

*Støtte til godkjenning av stipulert 3 ettersøkshunder og vidaregåande ettersøkskurs på om lag 40 000,-*

*Balanse: -93 080,-*

*Viltfond 2017: 164 355,88,-*

## Utgifter 2017

Samla utgifter eks. utgifter til Sunnhjort, var **206 911 kr** i 2017.

Utgifter til oppgjer av fallviltavtalen for 2016-2017 til Storfjord ettersøksring utgjorde **122 234 kr**. Ny fallviltavtale med Storfjord ettersøksring vart handsama i viltnemnda 11.04.16 som sak 005/16 den. Under bakgrunn for saka stod det at: *Stranda ettersøksring har i brev, datert 09.12.2015, sagt opp gjeldande fallviltavtale*. Det vart fatta eit samrøystes vedtak om at: *Stranda kommune godkjenner vedlagte avtale om handtering av fallvilt og ettersøk av skadd hjortevilt med Storfjord ettersøksring (...).*

Utgifter til Norsk Protein AS utgjorde **4 000 kr**, og leige av kulturhuset til hjortemøtet utgjorde **5 000 kr**.

Kontroll av skoten hjort i Sunnylven utgjorde **5 000 kr**.

Utgifter til kurs utgjorde **12 751 kr**.

Utgifter til eit tilskott til ettersøkshund utgjorde i alt **10 000 kr**.

Fordelte mobilutgifter for skogbruksjef utgjorde **456 kr**.

Det vart utbetalt **12 500 kr** i driftsstønad til Stranda bestandsplanområde. Dette var i tråd med vedtak i viltnemnda i sak 026/17 den 10.11.17, der det i vedtaket stod at: *Halvparten av midlane vert utbetalt omgåande og dei restarande vert utbetalt når bestandplanen er gjennomført og godkjent.*

Det vart også utgiftsført **290 kr** i møtemat frå ein daglegvarebutikk. I samband med handteringen av mva av denne rekninga kan det sjå ut som at det har skjedd ein feil som inneber at viltforvaltninga har fått tilført **2 603 kr** for mykje frå kommunekassa. Dette er ikkje ein vesentleg feil.

Utgifter til driftsstøtte til hjortevalda utgjorde **37 283 kr**, og var i tråd med vedtak i viltnemnda i 004/17 av 15.03.17. I same sak var det også gitt informasjon om viltfondet, og sett opp eit budsjett for 2017. Det stod:

*Forskrifta om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort legg føring for bruk av viltfondet. Viltfondet var ved årsskiftet på kr 212 162,57,- kroner etter fellingsavgifta for 2016 vart fakturert ut frå kommunen på 219 242 kroner.*

*Fellingsavgifta for 2017 kan aukas under heile året til maks sats sett av Miljødirektoratet, tall fellingar er ein variabel.*

*For 2017 skal viltfondet betale Nibio, fallviltavtale og driftstøtte m.m. slik at ein lyt ha buffer for det.*

*Viltfond 2017 per 1. januar : 212 162,57,-*

*Budsjett drift 2017.*

*Inntekt: Fallingsavgifter 219 242,-*

*Utgifter:*

*NIBIO, Bioforsk 50 000,-*

*Fallviltavtale på om lag 75 000,-*

*Norsk Protein 15 000,- (1200 kr per hjort + slakteavfall)*

*Driftstøtte vert på om lag 37 283,-*

*Skalle og vektkontroll om lag 15 000,-*

*Støtte til godkjenning av stipulert 3 ettersøkshundar 30 000,-*

*Balanse for 2017: -3 000,-*

*Viltfond 2018: 218 300,-*

## VURDERINGAR

Dette notatet tek sikte på å svare på følgjande to problemstillingar:

- Er disposisjonane som er gjennomført dei seinare åra i tråd med regelverket?
- Kven har fullmakt til å disponere viltfondet, ved å fordele vidare og konkretisere utgiftene?

Vi gjorde innleiingsvis ein kort gjennomgang av dei sentrale reglane som vedkjem problemstillingane. Vidare har vi framstilt relevante delar av budsjettet for 2018 slik det vart framstilt som grunnlag for kommunestyret sitt budsjettvedtak. Vi har framstilt eit detaljert budsjett slik det vart vidare fordelt og konkretisert ut av rådmannen i etterkant av vedtaket i kommunestyret. I dette notatet er det også gjort ein gjennomgang av rekneskapen for viltfondet frå 2013 til 2017.

Regelverket og faktaframstillinga skal gi eit grunnlag for å svare på problemstillingane.

Disposisjonane har etter vårt syn i all hovudsak vore i tråd med regelverket. Kommunerevisjonen kan ikkje sjå at det ligg føre vesentlege rekneskapsførte utgifter som er i strid med forskrift om viltfond. Alle dei rekneskapsførte utgiftene, er så langt vi kan sjå, blitt nytta til å fremme viltforvaltninga i Stranda kommune.

Vi vil her likevel presisere at vi er noko usikker på korleis ein skal forstå utbetalinga og vedtaket i viltnemnda av 29.08.13 i sak 012/13 om driftsstøtte til Habostaddalen hjortevald.

Kjerna i diskusjonen er, slik vi oppfattar det, kven som har fullmakt til å gjere den vidare disponeringa av dei inntektene som kjem frå fellingsavgifta. Vår vurdering er at det er kommunestyret sin føresetnad at dette ligg til viltnemnda, og ikkje administrasjonen. Striden synest likevel i det praktiske å vere knytt til nokre kurs og konferansar, som igjen utgjer mindre beløp. Dei større beløpa er det vedtak på i viltnemnda, eller er ukontroversielle, som levering til Norsk Protein AS og det årlege hjortemøtet.

Når det gjeld 2015 til 2017, så har viltnemnda på sett og vis vedteke eit budsjett i etterkant, i saka om løyvinga av driftsstøtte til hjortevalda.

Viltforvaltninga står i ei viss særstilling. Delvis fordi det er eit lite område som berre utgjer om lag 2,8 % av bruttoutgiftene innanfor plan, miljø og næring, og fordi det heller ikkje får nokon sentral plass under budsjettprosessen. Men først og fremst står forvaltninga i ei særstilling ved at ein har nettobudsjettering samstundes med at overskott og underskott blir regulert mot eit fond. Dette inneber at kravet om at det må ligge føre ei budsjettdekning før rådmannen kan gjøre ei utbetaling, ikkje får verknad (Dette gjeld om kommunen ikkje har, eller vil få negative fond). Viltforvaltninga står også i ei særstilling ved at ein har eit bunde fond (viltfondet) som er direkte knytt til eit eige politisk organ (viltnemnda).

Delegasjonsreglement angir at:

*Jfr. forskrift til §§ 40, 43 og 48: Forskrift om kommunale viltfond*

**Viltnemnda** vert gjeve mynde etter denne forskrifta.

**Rådmannen** vert gjeve mynde til å kreve inn fellingsavgift og fordele midlar innenfor ramma av godkjent budsjett og gjeldande forskrift.

*Jfr. § 48 (om viltfondet og eigendomsrett)*

**Rådmannen** gjer vedtak etter denne paragrafen i kurante saker.

**Viltnemnda** gjer vedtak etter denne paragrafen i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

Under den politiske handsaminga vart det lagt inn følgjande under denne:

*Viltnemnda skal leggje fram årleg budsjett og rekneskap for dette til kommunestyret.*

Delegeringsreglement kan ein kanskje for seg sjølv lese slik at konkretiseringa i etterkant av kommunestyret sitt budsjettvedtaket, for so vidt er delegert til rådmannen. Under den politiske handsaminga vart det likevel lagt inn at viltnemnda skal leggje fram årlege budsjett til kommunestyret. Dette er vidare understøtta av at det under den politiske handsaminga av reglementet for viltnemnda, vart lagt inn følgjande under arbeidsområde:

*Viltnemnda tilrår eige budsjett og økonomiplan.*

Det er ikkje rimeleg å forstå dette slik at viltnemnda berre formelt skal vedta eit nettobudsjett lik 0 kr kvart år. Konkretisering av utgiftene, altså korleis ein skal nytte fellingsavgiftene, ligg difor etter vårt syn til viltnemnda.

Kommunerevisjonen viser elles til at det i svarbrevet også går fram at:

*Budsjett vil bli lagt fram til viltnemnda for tilråing for neste år.*

## ANBEFALINGAR OG KONKLUSJONAR

Vår anbefaling er at viltnemnda må handsame eit konkretisert budsjett i forkant av formannskapet si handsaming av budsjettet.

Viltnemda sitt konkretiserte budsjett bør følgje budsjettsaka som eit eige vedlegg.

### Vedlegg:

- 1 - Informasjon til rådmannen
- 2 - Svar på kommentar til disponering av viltfondet 2015 - 2017

## Informasjon til Rådmann om gjennomgang og disponeringar av viltfondet 2015 – 2017.

Etter ønske frå Rådmann i Stranda ( sjå vedlegg Mail 1 , 2 og 3 ) tok viltnemnda viltfondet til ettersyn for å stette retningslinjer og lovverk.

I viltnemndsmøte 10.11.2017 Informerte Økonomisjefen i Stranda om historikk i rekneskap og praksis ved bruk av fondet.

Gjennomgang av viltfondet har ikkje vore på saksliste eller tatt opp som eiga sak i viltnemnda.

Det vart gitt samtykke utan vedtak om at formann som utvalsleiar tok gjennomgangen av viltfondet 2015 – 2017.

På spørsmål og ved bruk av retningslinjer og lovtekst konkludererte viltnemnda slik :

1. Viltnemnda er oppretta etter § 10.1 i kommunelova.  
I følge reglement for viltnemnda punkt 4.0 skal viltnemnda tilrå eige budsjett og økonomiplan.  
Viltnemnda skal på utgiftssida i vedtaksform ordne sitt eige årlege budsjett som skal gå i balanse med inntektssida.  
Gjeldande inntekter til viltfondet, er det ikkje gjeve delegert mynde frå Rådmann til viltnemnd.
2. Viltnemnda har til no historisk ikkje vedtatt årlege budsjett, ei heller lovpålagd årsmelding.
3. Viltnemnda forlangte og har fått innsyn i bilag på utgiftssida i viltfondet frå 2015 – 2017.
4. Administrasjon disponerer viltfondet gjennom viltnemnda sine vedtak og budsjett.
5. Viltnemnda gjær merksam på manglande oversikt på innskot til viltfondet.

Leiar og nestleiar i viltnemnda har føljande å bemerke :

1. I vedtak om konteinerordning for hjorteavfall ( vedlegg 1.1 ) skal drifta ikkje belastast viltfondet.  
På tross av vedtak har administrasjonen betalt ut kr 69269 i perioden 2015 -2017.  
I tillegg har ukjent sum til drift frå vedtaksdato 29.08.13 til og med 2014 også blitt belasta viltfondet .  
I fråtrekk kjem fallvilt som er pålagd Kommunen å destruere, men dette er minimal sum då Veidekke og grunneigarar også har ansvar.
2. Kursverksamheit :  
A :  
Feltkontrollørkurs ( sjå vedlegg 2a1 ) har blitt belasta viltfondet ( sjå vedlegg 2a2 ) av sekretær i viltnemnda.  
Dette er eit kurs av privat karakter då omsetning av vilt ikkje er ei vedtatt eller pålagd oppgåve for sekretær i Stranda viltnemnd.

**B :**

På viltkonferanse på Værnes i 2015 (vedlegg 2.b.1, 2.b.2, 2.b.3.) deltok sekretær og formann i Stranda viltnemnd.

Kurs kr 9280 og reise kr 6790 med totalkostnad på kr 16070.

Deltakelse utan vedtak og i tillegg viser ein til føreskrift Kommunale og Fylkeskommunale Viltfond § 5 bokstav B « Fondet kan ikkje brukast til administrasjon av viltforvaltninga herav lønn og REISER» Sekretær sine reiseutgifter kan ikkje belastast viltfond.

**C :**

Trafikalt kurs ( vedlegg 2c1,2c2,2c3 ) som er pålagd kurs til medlemmer i innleigd fallviltgruppe i Stranda.

Fallviltgruppa er i privat regi og blir innleigd til lovpålagde formål av Stranda Kommune.

Det er opplyst av deltakarar at også sekretær i Stranda viltnemnd deltok på kurset. Dette må då være av privat karakter då sekretær ikkje er medlem av fallviltgruppa eller har kommunale vedtekne oppgåver med sin hund.

Det bør undersøkast om fallviltgruppa og sekretær har innbetalt kursavgift til viltfondet.

**D :**

Ettersøk vidaregåande kurs (vedlegg 2d1,2d2 ).

Kurs for medlemmer av fallviltgruppa seks personar fra Stranda.

Her er atten personar med kursavgift med kr 32 111, og tjue personar med matservering kr 10 000, til saman kr 42 111 belasta viltfondet i Stranda.

Her må det undersøkast om utlegget i si heilheit er tilbakebetalt til viltfondet då ein ikkje kan finne vedtak om formålet med utbetalinga.

Fallviltgruppa må ha alle lovpålagde kurs for å være i stand til å leige seg ut med sine tenester til kommunen .

Søknad om tilskot eller vedtak om å løyve midlar til fallviltgruppa kan ikkje finnast.

I tillegg har Sekretær i Stranda Viltnemnd deltatt i kurset utan å være del i fallviltgruppa.

**E : Rovvilt ettersøk seminar ( vedlegg 2e1,2e2 ).**

Deltakelse av Ove Nordang og Sekretær i Viltnemnd.

Dette utan vedtak eller post i budsjett med utgreiing om formålet.

**3. Rema 1000 ( vedlegg 3.1 ).**

Viltfond belasta med kr 6785 kr med ulike rekvrirantar av varer fra Oskar Matmarked A/S Stranda.

Rekvirentar : Asle Konnert, Aud Tronstad, Bjørdal Hydrogenprosjekt, Brannvesnet, Bjørdal Næring Kulturminne, Synnølven Distrikt, Bente Grøndalen og Næring og Kultur.

Dette med manglande vedtak/utgreiing og uklart korleis dei ulike rekvrirantane er knytt til viltfondet.

4. Telefonrekningar ( vedlegg 4.1 ) Telefonnummer 464 11 024 v/ Asle Konnert. Kan ikke finne vedtak på vakttelefon til skogbruksjef , kunn på vakttelefon til fallviltgruppe.  
Administrasjon kan ikke belaste viltfondet ifølje føreskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond § 5 bokstav B -administrasjon.
5. Godtgjersle for Kontroll skoten hjort 2014 - 2016 ( vedlegg 5.1,5.2,5.3 ). Godtgjersle utbetalte utan vedtak og utgreiing om formål , utførelse , og kostnad/godtgjersle.  
Ole Jørgen Sve , Hans Hole og Ove Nordang har utøvd kontrollane for dei tre åra.  
Dei to førstnemnde har ved innsettning rekning mottatt høvesvis kr 10 000 og kr 12 500 inklusiv mva , medan Ove Nordang ikkje har kravd eller mottatt godtgjersle i si tru om frivilligkeit.
6. Rovviltseminar / viltkveld ( vedlegg 6.1,6.2,6.3 ) totalsum kr 39 712  
Leiar og nestleiar i viltnemnda anbefaler kontroll om at kostnader er delt mellom deltagande kommunar.
7. Leiar og nestleiar i viltnemnda anbefaler gjennomgang på merkeprosjektet «Sunnhjort» herav kostnad og om prosjektet leverer etter målsetting.

Leiar og nestleiar i viltnemnda konkludere med at manglande vedtekne årlege budsjett , manglande vedtak og motstridande handling på vedtak som genererer betydelege midlar ut av viltfondet, er lovstridig og brot på retningslinjer.

I ein slik situasjon der viltnemnda er uvitande om disponeringar av viltfondet i følje skrivne møteprotokollar, kjem administrasjon i ein uheldig posisjon ved å generere ut midlar til formål som ikkje er protokollført i gyldige vedtak eller i budsjett.

Leiar og nestleiar i viltnemnda konkluderer også med at kursing av administrasjon, politikarar og aktørar som belastar viltfondet , er særstakt viktig å behandle som sak i viltnemnd.  
Dette for at formål og kostnad bør stå i stil med nødvendigheita, samt er innanfor retningslinjer for å styrke viltforvaltninga.

Utgiftene i viltforvaltninga er ikkje normalt proporsjonale med aukande avskyting av hjort/ inntekter.

Særtilfelle er merkeprosjektet «Sunnhjort» 2014 – 2018 med ei kostnadsramme på kr 350 000 for Stranda Kommune

Leiar og nestleiar i viltnemnda vil framheve at avskytinga av hjort har økt kvart år , samstundes har fellingsavgiftene økt , no i 2017 til maksimum sats.

Inntektene til viltfondet har dermed stege årleg og aldri vore høgare enn i år, likevel er drift på etterskotsvis.

Leiar og nestleiar i Stranda viltnemnd vil med denne gjennomgang påpeike viktigheita av at viltforvaltninga i Stranda Kommune for framtida føljer lovverk og retningslinjer, samt at budsjett, årsmelding og nødvendige vedtak blir innført som gjeldande praksis.

Leiar Stranda viltnemnd : Steinar Aanning

Nestleiar Stranda Viltnemnd : Peder Hellebostad



# Stranda kommune

## Næring og teknisk

Saksbehandlar: Asle Johan Bergseth Konnerth

Leiar i Viltnemnda Steinar Aanning

Vår ref.: 18/197-3

Dykkar ref.:

Arkiv: K1 - 242, K2 - K40

Dato: 07.02.2018

### Svar på kommentar til disponering av viltfondet 2015 - 2017

- Kommuneadministrasjonen kan ikkje sjå at det er bestilt ettersyn av viltfondet frå rådmannen slik dykk påstår.
- Kommuneadministrasjonen syner til delegert mynde frå Kommunestyret når det gjeld viltfond.

Jfr. *forskrift til §§ 40, 43 og 48: Forskrift om kommunale viltfond*

**Viltnemnda** vert gjeve mynde etter denne forskrifta.

**Rådmannen** vert gjeve mynde til å kreve inn fellingsavgift og fordele midlar innenfor ramma av godkjent budsjett og gjeldande forskrift.

Jfr. § 48 (om viltfondet og eigendomsrett)

**Rådmannen** gjer vedtak etter denne paragrafen i kurante saker.

**Viltnemnda** gjer vedtak etter denne paragrafen i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

**Viltnemnda** skal leggje fram årleg budsjett og rekneskap for dette til kommunestyret.

- Rekneskap for 2015 til 2017 er revidert og godkjent vedtatt av kommunestyret.
- Kommunestyret vedtar årleg budsjett som rådmannen forholder seg til og har mynde til når det gjelder bruk av midlar utover vedtak i viltnemda. Budsjett for 2017 var kr. avrunda 210000,- for drift. Viltnemnda har ikkje mynde til å vedta budsjett, sjå politisk reglement. Årsmelding skal vi legge fram når rekneskapen er avslutta for 2017. Budsjett vil bli lagt fram til viltnemnda for tilråing for neste år.
- Viltfondet har vore gjennomgått årleg ved søknadar om driftstøtte og vedtak om fellingsavgift.
- Avklaring kring REISE. Syner til dialog på generelt grunnlag med klageorgan for viltfondsaker, Fylkeskommunen: sjå vedlagt epost. Reisekostnadar i forbindung med kurs m.m. er i tråd med forskrift.
- Kursavgifter er innkrevd og kostnadar er fordelt.
- Hjortemerkeprosjektet går etter planen, utsatt 1 år med ein ekstrakostnad på 25000,- Likevel er kostnaden innafor vedtak. Sjå vedtak og framdriftsrapporten frå Nibio.
- Sekretær, formann og nestleiar har dei siste åra delteke på forskjellige kompetansefremjande kurs og fagsamlingar i tillegg er det arrangert viltkvelder åpent for alle. Dette er viktig også i framtida å vere oppdatert på fagfelt. At sekretæren har tilgjengelig ettersøkshund og kan rykke ut utan meirkostnad i arbeidstida for kommunen kan umulig vere ein ulempe om det skulle oppstå akutte situasjonar både med fallvilt og elles ved skadeskyting som kommunen er ansvarleg for. Fallviltgruppa skriver derimot løpende timar. Likeins er det årleg spørsmål om vraking av hjort som er skoten på jakt, kunnskap til å sei om dette er menneskemat eller ei er naudsynt. Dette treng ikkje viltnemnda vedta, men ligg i budsjettpost som kommunestyret har vedtatt.
- Det har vore god dialog med formann og nestleiar i Viltnemnda dei siste 6 åra, stort sett alle fordringar har vore kjent og godkjent av leiaren eller både leiari og nestleiar. Vonleg fortsett godt samarbeidsklima.

- Den nye leiaren og nestleiaren kjem med fleire påstandar som er feil, dei vert tilbakevist. Budsjettet innehavar postar for både kurs, kost, opplæring og skyss m.m.

Bakteppet for denne gjennomgangen, for å ikkje spore heilt av, er alt som har med drift av kontainere som administrasjonen har varsla om. Her har praksis vore att dei har ringt Norsk Protein as for tømming og kommunen er fakturert for tenesta tross presisering om anna ansvar i vedtak. Norsk Protein as henter fallvilt for kommunen.

Med vennleg helsing  
Stranda kommune

Cato Andersen  
Einingsleiar

Asle Johan Bergseth Konnerth  
Skogbruksjef

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.*

**Vedlegg:**

| <b>Dok.dato</b> | <b>Tittel</b>           | <b>Dok.ID</b> |
|-----------------|-------------------------|---------------|
| 05.02.2018      | Disponering av viltfond | 222206        |

## **Sak 19/18 - Val av tema for Forvaltningsrevisjon 2019.**

*Vedlegg: Sak 16/17 frå Stranda kontrollutval: Plan for forvaltningsrevisjon*

### **Bakgrunn:**

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best muleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte.

Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Kontrollutvalet bestemmer korleis kommunen skal nytte ressursane som er løyvde til forvaltningsrevisjon, og revisjonen skal gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i samsvar med faglege krav.

Sjølv om det er spesifikke krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon, er det viktig at kontrollutvalet involverer seg i val av problemstillingar, avgrensinger og tilnærming. Forvaltningsrevisjon gjev kontrollutvalet høve til å fordjupe seg i ulike sakstilhøve, innan eitkvart verksemdsområde i kommunen.

Forvaltningsrevisjon vil difor kunne vere nyttig både for utvalet si kontrollverksemd og for internkontrollen og forbettingsarbeidet i kommunen.

Det er ved bestillinga av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjektet at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane som skal undersøkast, og dermed kva prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på bestillingsprosessen, for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ynske.

Den overordna analysen som dannar grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon vil normalt vere avgjerande for kva som blir hovudfokus i dei enkelte prosjekta, og kva undersøkingsperspektiv som skal leggjast til grunn.

Ein forvaltningsrevisjon om rusomsorg i ein kommune kan til dømes ha eit organisasjonsperspektiv, regeletterlevingsperspektiv eller brukarperspektiv. Ofte vil det vere fornuftig å kombinere fleire perspektiv i ei og same undersøking. Perspektiva vil kome til uttrykk gjennom måten problemstillingane er formulerte.

## **Formulering av problemstilling:**

I bestillingsprosessen må kontrollutvalet legge spesiell vekt på utforminga av problemstillingane for prosjektet. Problemstillingane dannar i stor grad ramma for datainnsamling, analyseperspektiv og kva resultat undersøkinga kan kome fram til. Ordtaket «som ein spør får ein svar», er i høgste grad gjeldande her. Før bestilling av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt, er det viktig at kontrollutvalet vurderer om problemstillingane er godt formulerte, og om dei er i samsvar med utvalet sine intensjonar for undersøkinga.

Problemstillingar vil som regel vere formulerte som spørsmål. Detaljeringsgraden i problemstillingane kan variere. Svært detaljerte problemstillingar vil gjerne gje svar som er knytte til eit svært avgrensa område, medan svært vide problemstillingar kan resultere i at undersøkinga ikkje blir tilstrekkeleg målretta og fokusert. Talet på problemstillingar i ein forvaltningsrevisjon kan også variere.

Dersom talet på problemstillingar blir svært omfattande, kan det vere fornuftig å vurdere om undersøkinga bør avgrensast eller delast opp i fleire mindre prosjekt. Bruk av hovudproblemstillingar med underproblemstillingar kan vere ein måte å kombinere breidd i undersøkinga med å fordjupe seg på nokre sentrale område. Områda ein fordjupar seg i kan til dømes vere knytte til spesifikke krav i regelverk, vedtak eller målsetjingar.

## **Innstilling til vedtak:**

Formålet med denne saka er at utvalet skal diskutere seg fram til eit eller fleire tema for forvaltningsrevisjon og deretter prioritere kva som er viktigast. Vidare skal utvalet gjere eit vedtak som blir grunnlag for bestilling av forvaltningsrevisjon hos Komunerevisjon 3. Dei vil så kome tilbake på neste møte med ei prosjektskisse og planen kan settes i bestilling.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutval sekretariat

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Stranda kommune

Dato: 28.11.2016

**SAK 17/16  
PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON I STRANDA KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

- Plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 Stranda kommune

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon § 7 første ledd definert som systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader, herunder om:

- Ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadar
- Ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- Regelverket blir etterlevd
- Styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- Grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- Resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon er med andre ord meint å vere ein reiskap for det øvste politiske organet i samband med å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultata som blir oppnådd.

Avleia seier desse punkta noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi. Ein slik forvaltningsrevisjon er i stor grad ei evalueringa av kommunen si administrative leiing med vektlegging av tema som organisasjonen sitt kontrollmiljø, risikovurderingar, interne kontrollaktivitetar og tilsyn med desse.

I forskrift om kontrollutval § 10 første ledd er kontrollutvalet pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Andre setning første ledd krev at kommunestyret sjølv vedtek denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering.

Andre ledd krev at kommunen identifiserer behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike kommunale verksemdene med utgangspunkt i ei overordna analyse basert på risiko- og vesentlegheitsvurderingar.

Planverket skal vere basert på ei overordna analyse med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon slik at kontrollutvalet kan legge ein plan over kva for teneste- og temaområde som har behov for ein systematisk gjennomgang. I lovforarbeidet vart det sagt at analysen skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats.

Til slutt i planen går det fram at i kommunar som blir berørt av kommunereformen bør både overordna analyse og val av prosjekt vurderast ut i frå andre mulige behov enn tidlegare. Det kan vere behov for ein meir fleksibel og hendelsesbasert tilnærming med rullering etter behov, gjerne ein til gongar i året.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**innstilling:**

1. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å føreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjon slik som å vedta enkelte undersøkingar, om nødvendig også på andre område enn dei som er nemnt i planen .
2. Kommunestyret tek for øvrig saka om plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

# **Plan for forvaltningsrevisjon 2017-2020**

**Stranda kommune**

## **BAKGRUNN**

Kontrollutvalet er pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Kommunestyret må sjølv vedta denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering.

Det er eit krav om at behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike tenesteområda, skal bli identifisert med utgangspunkt i ei *overordna analyse* basert på «*risiko- og vesentlighetsvurderinger*».

Kommunestyret har det øvste ansvar for tilsynet med forvaltninga.

Kontrollutvalet er det organ som på vegne av kommunestyret skal gjennomføre dette tilsynet, og er ikkje underlagt andre avgrensingar enn dei som eventuelt er gitt av kommunestyret.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at Stranda kommune er gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at kontrollutvalet har ei rolle i forhold til å velje ut prosjekt for forvaltningsrevisjon. I kraft av å ha det overordna tilsynsansvaret i kommunen, kan kommunestyret gje instruksar om igangsetting av prosjekt. I mangel av slike, avgjer kontrollutvalet sjølv dei tenesteområda som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret bør ha ei aktiv og bestemmande rolle. Det at kommunestyret har ein rett til å gi detaljerte instruksar, er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar, bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit utval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Kjerneoppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er:

- Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon
- Rapportar om forvaltningsrevisjon
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

## **PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

Den type av revisjonstenester som forvaltningsrevisjon sorterer under, har både nasjonalt og internasjonalt hatt ei rivande fagutvikling dei seinare åra. Det sentrale ved all revisjon er å setje inn ressursane der ein mest truleg finn dei mest vesentlege forbetingane. Det er dette som skal vere det berande prinsipp når kommunestyret og kontrollutvalet skal velje ut prosjekt, og er meiningsinnhaldet i ein plan der vala er basert på «*risiko- og vesentlighetsvurderinger*».

I ein periode på fire år oppstår det gjerne hendingar som gjer at kommunestyret og/eller kontrollutvalet ønskjer å sette i gang undersøkingar. Vi kan kalle slike undersøkingar hendingsbaserte, i motsetnad til risikobaserte. Det kan typisk vere ei uønska hending eller tilstand som blir kjend gjennom ei varsling, eit medieoppslag eller liknande. Fellesnemnaren er at noko kritikkverdig kan ha

skjedd, og kontrollutvalet og/eller kommunestyret ønskjer saka belyst, med fokus på den konkrete hendinga. Formålet kan vere å klarlegge og gi ei framstilling av kva som faktisk har skjedd, og deretter å belyse eller forklare dei utløysande faktorane. Ofte vil media og publikum vere særskilt interessert i slike saker.

Ordet gransking blir gjerne brukt i ein slik samanheng. Det er likevel grunn til å vere varsam med omgrevsbruken. Gransking som undersøkingsmetode er ikkje regulert i kommunelova og er heller ikkje eit eintydig omgrep. Det blir gjerne oppfatta som dramatisk om ein klassifiserer ei undersøking som gransking. Bruken av omgrepet kan tilføre saka ein alvorlegare dimensjon enn den i utgangspunktet har. Det finns retningsliner for profesjonar si gjennomføring av gransking, til dømes Advokatforeininga sine retningsliner. Temaet er omtalt i Kontrollutvalsboka.

For mange hendingsbaserte undersøkingar er det tenleg å organisere undersøkinga som eit forvaltningsrevisjonsprosjekt etter standard for forvaltningsrevisjon.

Det er vår erfaring at hendingsbaserte undersøkingar gjerne er *enklare å gjennomføre*, då ein ofte har klart føre seg kva som er aktuelt å sjå nærare på. Vidare er det gjerne eit *større behov* blant innbyggjarane, media, kommunestyret for slike undersøkingar. Ei slik tilnærming kan mao gi ei *better utnytting* av dei knappe ressursane som er stilt til rådvelde for forvaltningsrevisjon.

Ein statisk plan for heile planperioden med fleire krevjande prosjekt, har etter vår og andre si vurdering, ikkje fungert særleg godt. Det har bunde opp ressursar, som gjer at kontrollutval har vore mindre aktuell enn det ein nok må sjå på ønskjeleg. Det bør også vere noko samsvar mellom eventuell kritikk og det tidpunktet ei uønska hendig oppstår. Dette vedkjem også i kva grad ein kan stille rådmannen ansvarleg.

Kommunerevisjonen vil tilrå ein dynamisk plan, som ein revisjonsplan gjerne skal vere. Vi tek sikte på ei drøfting og rullering to gongar i året i kontrollutvalet, der kommunerevisjonen vil vere til stades. Planen vil då bli oppdatert med nye aktuelle kontrolltema sidan førre rullering. I tråd med dette vil behovet bli vurdert opp mot tilgjengelege ressursar. Det er ønskjeleg både for revisjonen og kontrollutvalet at ein får ned tida frå vedtak om ein gjennomgang til rapport blir ferdigstilt.

Vi vil presisere at ein dynamisk plan ikkje er til hinder for at kontrollutvalet eller kommunestyret kan skjere gjennom og vedta ein gjennomgang når det er ønskjeleg.

## KONTROLLUTVALET SI RAPPORTERING TIL KOMMUNESTYRET

Det er eit krav at revisor skal rapportere resultata av gjennomførte prosjekt til kontrollutvalet. Normalt vil rapportar bli formidla til kommunestyret, men kontrollutvalet har ingen plikt til dette. Utvalet har derimot ei plikt til å sjå etter at kommunestyrevedtak knytt til slike rapportar blir følgt opp. Det ligg likevel ikkje til kontrollutvalet å fastsetje på kva måte administrasjonen skal følgje opp vedtaka. Det er stilt krav om at administrasjonen blir gitt rimeleg tid, men kontrollutvalet må sjølv vurdere bruken av tidsfristar.

## **INNHALDET I FORVALTNINGSREVISJON**

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, oppnådd resultat og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadane. I dette ligg om:

- ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadane
- ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- regelverket blir etterlevd
- styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon skal vere eit reiskap for det øvste politiske organ i forhold til å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultat som blir oppnådd.

Punkta over seier noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi.

I høve til forvaltningsrevisjon, set ikkje regelverket klare avgrensingar til økonomi. Dette fordi ein ikkje finn det tenleg å avgrense kontrollutvalet sitt arbeidsområde. Det å ikkje å avgrense til økonomi, er likevel ikkje det same som at ein ikkje skal fokusere på økonomi. Det vil ofte vere slik at det er lite tenleg at kontrollutvalet gjennom forvaltningsrevisjon, fokuserer på område der andre instansar har tilsyn med kommunen.

Forvaltningsrevisjon, og rapportering av forvaltningsrevisjon, skal skje etter «god kommunal revisjonsskikk» og etablerte standardar på området. Det er også stilt krav om revisjonskriterium for kvart prosjekt. Det er ein måte å seie at det skal gå klart fram kva som ligg til grunn ved vurderinga av forvaltninga.

Revisor skal rapportere resultata av gjennomførte prosjekt til kontrollutvalet. Ved slike rapportar skal administrasjonssjefen ha høve til å gi uttrykk for sitt syn, og dette skal ligge ved. Om revisjonen gjeld eit kommunalt føretak, skal styret og dagleg leiar sitt syn ligge ved.

## **OM RISIKOSTYRING**

Planen skal vere basert på *ei overordna analyse* med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon, og slik vere til hjelp når kontrollutvalet vel kva for tema ein har behov for ein systematisk gjennomgang av. Utover det at den skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats, er det ikkje stilt nærmere krav.

Den overordna analysen skal vere basert på vurderingar av risiko og kva som er vesentleg. Ein kommune som styrer risikobasert, arbeider mot å identifisere kva som kan gå galt, med andre ord kva kan skje som inneber at eit tenesteområde ikkje når sine uttalte og ikkje uttalte mål. Vidare blir det prøvd å vite noko om kor sannsynleg det er at noko går gale og kva for konsekvensar det får. Til slutt tek ein slik organisasjon stilling til kva for tiltak ein kan sette inn for å redusere både omfangset av konsekvensane og kor sannsynleg det er at dei oppstår.

Den same tenkinga skal etter regelverket også ligge til grunn ved val av prosjekt innan forvaltningsrevisjon. Ein skal søkje å finne dei teneste- og temaområde der det mest truleg er mest vesentlege avvik frå uttalte og ikkje uttalte målsettingar.

Innanfor ramma av ei verksemd sitt føremål må leiinga etablere strategiske målsettingar, velje strategi og etablere tilhøyrande målsettingar for verksemda.

Rammeverket for risikostyring har fokus på å oppnå målsettingar som ein kan dele inn i følgjande fire kategoriar:

- *Strategiske* – mål på overordna nivå som er i samsvar med og understøttar verksemda sitt føremål
- *Driftsrelaterte* – målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursane i verksemda
- *Rapporteringsrelaterte* – påliteleg rapportering
- *Etterlevingsrelaterte* – etterleving av gjeldande lover og reglar

Inndelinga av verksemda sine målsettingar i kategoriar gjer det mogleg å fokusere på ulike aspekt ved risikostyring. Dei forskjellige, men også overlappande kategoriene rettar seg mot ulike behov i ei verksemd og ligg under leiarane sitt ansvarsområde. Denne inndelinga gjer det også mogleg å skilje mellom kva ein kan forvente innan ulike kategoriar.

Då målsettingar relatert til påliteleg rapportering og etterleving av lover og reglar er innanfor ei verksemd sin kontroll, kan risikostyring forvente å gi rimeleg grad av trygging for at desse målsettingane blir nådd. Oppnåing av strategiske og driftsrelaterte målsettingar er påverka av eksterne hendingar som verksemda ikkje alltid kan kontrollere. Risikostyring kan vere med på å sikre at leiinga og kommunestyret i si tilsvinsrolle, rettidig blir gjort merksam på om verksemndene går mot oppnåing av målsettingane.

Vi har prøvd å gi eit innblikk i kva for tankegods som ligg til grunn i reglane for planverk innan forvaltningsrevisjon. Dei ambisjonane som blir trekt opp er ambisiøse, og det er sjølvsagt positivt. Eit rigid og særslig objektivt planverk vil likevel vise seg å seie lite om det praktiske. Det beste planverket må søke å integrere det objektivt faktabaserte med det subjektivt erfaringsbaserte som politikarar og administrasjonen sitt med. Det er vår og andre si erfaring at eit ambisiøst og vidt planverk gjerne viser seg å vere krevjande å vedlikehalde.

Regelverket er ikkje til hinder for at planen blir rullert i kommunestyret oftare enn kvar valperiode. Det vil kunne sikre god forankring og aktualitet Vår erfaring er at kommunestyra gjer gode val av prosjekt når dei finn det naudsynt.

## **ANALYSE**

Ei omfattande og detaljert analyse legg bindingar på ressursar og dette kan kome i konflikt med aktualitet. Plan for forvalningsrevisjon bør difor som tidlegare nemnt etter vår vurdering vere eit dynamisk dokument, med rullerande analyse.

Det er etter vårt slik at ei analyse kan vere kvalitativ, altså verbalt drøftande, i staden for å vere kvantitativ. Det kan og vere ein kombinasjon.

## **Vedtak av kommunestyret vedkomande undersøkingar**

Det er ikkje uvanleg at eit kommunestyret ber sitt kontrollutval om å sjå nærare på enkeltsaker eller gjennomføre undersøkingar. I Stranda kommune ligg det i skrivande stund føre vedtak der kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre granskning av prosessen ikring saka ang nytt VA-anlegg Svemorka-Furset-Berge. Dette blir følgd opp av kontrollutvalssekretariatet.

## **Oppfølgingssaker frå kontrollutvalet**

Ein vil i perioden følgje opp funna i gjennomført forvalningsrevisjon om utbygging av kaianlegg på Stranda og Hellesylt. Det ligg elles ikkje føre enkeltsaker som kontrollutvalet har til oppfølging.

## **Rekneskapsrevisjon**

Den økonomiske situasjonen med høg lånegjeld og stort akkumulert underskot er vel kjent. Kommunen har hatt betre økonomiske resultat dei siste åra. Ved utgangen av 2015 var netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter 171,5%, snittet for Møre og Romsdal var 97,4%, og landsgjennomsnittet var 77,7%. Akkumulert meirforbruk i prosent av brutto driftsinntekter var 11,2%, snittet for Møre og Romsdal var 1,4%, og landsgjennomsnittet var 0,4%.

Kommunerevisjonen er kjent med avvik i finansforvaltinga i høve finansreglementet ved at ein høgare del av lånegjelda var knytt til flytande rente enn det reglementet gav høve til. Administrasjonen skriv i forslag til økonomiplan at «Strategien med å ha ein relativt stor del av samla lån på flytande rente vil verte vidareført i 2017». Finansreglementet skal opp til ny vurdering i kommunestyret i løpet av kort tid.

## **Budsjett og budsjettoppfølging**

Etter budsjettforskrifta skal administrasjonssjefen utarbeide forslag til tiltak dersom det oppstår budsjettavvik, og det skal bli gjort endringar i årsbudsjettet når dette er nødvendig. I tråd med dette har det i Stranda kommunestyre vore handsama budsjettendringar både på drifts- og investeringsbudsjettet i 2016.

## **Generelle utviklingstrekk**

Det har vore relativt stabilt tal på innbyggjarar i Stranda dei siste åra, prognosane tilseier at dette ser ut til vere stabilt i nokre år, og så kunne bli ein reduksjon i åra

etter. Dersom det blir reduksjon i tal på innbyggjarar vil det med knappe økonomiske ressursar kunne gjere det meir utfordrande å gi gode tenester.

Det ser ut til at årsak til at det ikkje har vore reduksjon er eit sterkt næringsliv som m.a. har trekt til seg arbeidskraft frå andre land. Turist- og næringsmiddelnæringa er av dei viktigaste i kommunen. Dette har vist seg å vere eit godt grunnlag i ein periode med utfordringar i nokre andre kommunar som følgje av m.a. redusert oljepris. Dette kan vere årsak til at skatt på inntekt og formue i % av brutto driftsinntekter hadde ei betre utvikling i 2015 i Stranda enn snittet i andre kommunar. Det er likevel framleis slik at dette nøkkeltalet (28,6%) er lågare enn snittet både i Møre- og Romsdal (30,7%) og landet elles (32,9%)<sup>1</sup>.

### **Overordna planarbeid**

Kommunen har ikkje oppdatert kommuneplan. Eit slikt dokument skal gi målsetningar og strategiar for å nå desse måla.

Det blir opplyst at utkast til planprogram er klart til politisk handsaming, og at det vert sett av driftsmidlar til arbeid med kommuneplan i budsjettet for 2017.

I eit heilskapleg målstyringsarbeid er det etter vår vurdering viktig å ha ein oppdatert vedteken kommuneplan som skal vere det overordna dokumentet på dette området.

### **Tenesteleverandør og myndigheitsutøvar**

Dette området omfattar kommunen si myndigheitsutøving og tilbod om sentrale tenester til innbyggjarane. Aktuelle spørsmål er mellom anna:

- Blir innbyggane og brukarar likebehandla?
- Blir tenester levert i rett tid, med riktig kvalitet og med ønska effekt?
- Blir sårbare grupper vareteke på ei god måte?

Kommunen har ein rekke områder der det blir utøvd mynde eller blir levert tenester ovanfor store brukargrupper. I tillegg til områder som angår alle som VAR, gjeld det til dømes barnehageområdet med 204 barn i 2015, grunnskule med 529 elever og 248 mottakarar av pleie og omsorgstenester i løpet av 2015.

Plan- og byggesaksbehandling er et anna område som vedkjem mange, og er av stor betydning både for dei som søker, men også for samfunnsutviklinga.

Ein bør også vere særskild merksam på dei mindre og sårbare brukargruppene som barnevernsklientar, rusmiddelavhengige, psykisk sjuke og personar med psykisk utviklingshemming.

Det vil framleis vere risiko knytt til kvalitet i barnehage, mellom anna auka ambisjonsnivå med omsyn til norsk språk, bemanning, kompetanse og inne- og uteareal. Det er og slik at ein høg del av borna i Stranda kommune har

---

<sup>1</sup> Landet utanom Oslo

innvandrarbakgrunn. Innan utdanning vil det og vere risiko knytt til lik vurderingspraksis<sup>2</sup> på tvers av skuler og skulane sitt bidrag til elevane si læring. Vidare kan det i delar av kommunen vere ei utfordring å handtere konsekvensar av reduksjon i tal på born. Dette er som nemnt over og ei økonomisk problemstilling.

For pleie- og omsorg er det grunn til å forvente at det framleis vil vere risiko knytt til handsaming av søknader, bemanning, kvalitet, dokumentasjon og styring av tenestene. Auka levealder og sjukehusa sin utskrivingspraksis etter samhandlingsreforma har medført at kommunane tek i mot fleire med stort hjelpebehov. Dette skaper utfordringar, både når det gjeld kompetanse og organisering av tenestene.

Stranda kommune har vedteke Helse- og omsorgsplan i 2015. Planen går gjennom tenestetilbodet i kommune, utfordringane og strategiar for å møte desse. Utfordringar som blir nemnde i planen er m.a. fleire og nye typar brukarar av tenester i framtida, fleire eldre, tilgang på kvalifisert tenesteytarar, auka krav til kompetanse og oppfølging, aktivitet i omsorg, organisering av tenestene (samhandling mv), kvalitet og nivå (kva er godt nok?).

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp vil kunne auke framover om arbeidsløysa stig. Det kom over 30 000 asylsøkjrar til Noreg i 2015, og det er uvisse med omsyn til kor mange som kjem i årene framover, og kor mange som vil bli busett i kommunen. Dette vil kunne skape press på kommunale tenester dei neste åra.

Innan barnevernet er det gjerne risiko knytt til m.a. handsaming av bekymringsmeldingar, samarbeid med andre instansar, minoritetskompetanse, kapasitet, etablering og anskaffing av eigna tiltak, rekruttering av foster- og beredskapsheim, oppfølging av barn med tiltak utanfor heimen og omdømeproblematikk. Det omfattar også det å ta god vare på eit aukande tal på mindreårige flyktningar som kan ha behov for tiltak.

Forvaltningsrevisjon innan området myndighetsutøving og brukartilpassa tenester med tilstrekkeleg kvalitet kan rettast mot sakhandsaming, kvalitet, produktivitet, oppnådd resultat og effektar for brukarane. Dette området omfattar i stor grad arbeidsintensive sektorar der mynde blir utøvd og tenester levert i eit relativt tett samspel med brukarane.

### **Samfunnsutvikling, infrastruktur og samfunnstryggleik**

Det å nå sine mål på dette området krev effektive planprosessar, gode løysingar på tvers av sektorar og hensiktsmessig verkemiddelbruk. Aktuelle spørsmål er m.a.:

- Blir det utført godt og koordinert planarbeid?
- Har kommunen tilfredsstillande beredskap og blir det arbeidd i tilstrekkeleg grad med førebygging?
- Blir det arbeidd målretta og effektivt med utvikling og drift av infrastruktur?

---

<sup>2</sup> Stranda kommune er med i nasjonale prosjektet «vurdering for læring», og det skal m.a. styrke kommunen på dette området.

Nokre av punkta over er og relevante mtp. næringsutvikling. For eksempel pådrivarrolle i arealplanar mv i høve til å legge til rette for ulike typar tomter og anna areal (bustader, hytter, næringsbygg mv), om offentleg infrastruktur er tilfredsstillande (Vegar/parkering/kai, breiband), bruk av næringsfond eller liknande. Infrastruktur som Vatn, avlaup og renovasjon til god kvalitet er blant kommunen sine viktigaste oppgåver.

Vidare er kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap viktig for å førebygge og om naudsynt handtere hendingar som kan setje liv og helse til innbyggjarane i fare og true vesentleg infrastruktur, funksjonar og verdiar. Slike hendingar kan vere utløyst av naturen, tekniske eller menneskelege feil eller av bevisste handlingar. Beredskap og krisehandtering er viktig for m.a. skuler, barnehagar, sjukeheimar og bueiningar.

Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg m.a. kommunen å jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorar, med sikte på å førebygge og redusere risiko og sårbarheit. Dette set store krav til kommunen si kartlegging, analyser, planarbeid, øvingar og tilsyn.

Kommunen har lagt ned mykje arbeid med dette jf. Åkneset. Risikoen for fjellskred og flodbølgjer er kjent og kartlagt og handtert gjennom døgnkontinuerleg overvaking, system for tidleg varsling, evakueringssoner og evakueringsplanar.

Forvaltningsrevisjon innan dette området kan vere retta mot arbeidet med reguleringsplaner og anna planarbeid, utbyggingstakt, beredskapsarbeid, tilsyn, ressursbruk, produktivitet, oppnådd resultat og effektar.

Fylkesmannen vil gjennomføre «Tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Stranda kommune» 27. januar 2017.

Aktuelle problemstillinger kunne vere om kommunen har ei aktiv pådrivarrolle i arealplanar mv i høve til å legge til rette for ulike typar tomter og anna areal (bustader, hytter, næringsbygg mv), om tidlegare nemnde offentleg infrastruktur er tilfredsstillande (Vegar/parkering/kai, VAR, breiband), bruk av næringsfond eller liknande.

### **Arbeidsgjærpolitikk/HMT**

Kommunen hadde 392 tilsette ved utgangen av 2015.

Ein krevjande økonomi gjer sannsynlegvis m.a. til at det er vanskeleg å finne midlar til vedlikehald. Status ved Sunnylven skule kan ut frå årsmelding og økonomiplanforslag sjå ut til å vere eit døme på dette. I forslag til økonomiplan ligg det inne midlar til investering her i 2019.

Stranda kommune har ifølgje årsmeldinga hatt positiv utvikling i sjukefråveret dei siste åra, og kommunen hadde i 2015 målet om 20 % reduksjon i sjukefråveret innanfor IA-perioden.

Aktuelle problemstillingar kunne til dømes vere om kommunen har:

- føremålstenlege system og rutinar knytt til rekruttering av nye arbeidstakarar
- føremålstenlege system og rutinar knytt til å behalde og utvikle arbeidstakarane
- føremålstenlege system og rutinar knytt til avvikling av arbeidsforhold
- tilstrekkelege rutinar for handtering av vanskelege personalsaker
- tilfredsstillande rutinar for arbeidet for reduksjon av sjukefråvær og oppfølging av sjukmeldte
- føremålstenlege rutinar knytt til bruk av vikarar og konsulentar
- eit system som sikrar at regelverk knytt til innleige av arbeidskraft blir etterlevd?

### **Verksemddsstyring, digitalisering og informasjonstryggleik**

Området omfattar kommunen sitt arbeid med verksemddsstyring, digitalisering og informasjonstryggleikt. Aktuelle spørsmål er bl.a.:

- Er styringa av drifta god, og blir det jobba målretta med utvikling og omstilling?
- Er det god kontroll med investeringane?
- Blir informasjonstryggleik i kritiske IKT-system godt ivareteke?

IKT er ein stadig viktigare og meir integrert del av tenesteproduksjonen, og er ein føresetnad for god produktivitet, effektivitet og oppnådde resultat og for kommunen si forvaltning generelt. Kommunen sine fellessystem har betydning for effektiv drift i all kommunal verksemd. Ved ei satsing på digitalisering av tenesteproduksjonen, må ein legge vekt på informasjonstryggleik, slik at verken vital informasjon om kritisk infrastruktur eller personopplysningar kjem på avvege. I årsmeldinga for 2015 går det fram at IKT-avdelinga dagleg «driftar» 550 pc-ar og 68 serverar. Stranda kommune er med i ALV-Møre og Romsdal som er ein læringsarena for velferdsteknologi, og blir drifta som eit samarbeid mellom NTNU i Ålesund og 13 partnarskapskommunar.

For å gi eit tilstrekkeleg tilbod og sikre ein mest mogleg effektiv ressursutnytting, er det nødvendig med god verksemddsstyring, god intern kontroll og gode rutinar og kontrollaktiviteter på alle nivå, samt kontinuerleg modernisering og effektivisering av kommunen si drift. Intern kontroll er eit leiingsansvar.

Mangefull styring kan med andre ord auke risikoene for lav modernisering- og utviklingstakt, vesentlege overskridinger, lågare inntekter enn forventa, ineffektiv tenesteproduksjon, at tenesteproduksjonen ikkje blir av forventa omfang eller kvalitet, samt mislege høve.

Forvaltningsrevisjon innanfor området kan bli retta mot verksemddsstyring og intern kontroll, planlegging og styring av investeringar, informasjonstryggleik og styring av IKT.

## **Større investeringar**

Stranda kommune er i ROBEK, og då skal alle låneopptak godkjennast av fylkesmannen. I praksis inneberer det også ein kontroll med investeringsomfang då Stranda kommune i hovudsak lånefinansierer investeringane. Ny økonomiplan skal til handsaming no. I framlegg til budsjett/økonomiplan 2017-2020 er dei største føreslegne investeringsprosjekta VA-Ødegård og Kryss FV60-Fursetreset.

Prosjektstyring, innkjøp mv. kan vere aktuelle tema for kontrollutvalet å sjå nærmare på i samband med investeringar.

## **Mislege høve**

Kommunerevisjonen er ikkje kjend med noko som tilseier spesielt høg risiko for mislege høve i Stranda kommune. Dersom revisjonen oppdagar mislege høve vil dette bli rapportert til kontrollutvalet i form av såkalla nummerert brev (jf. rev.forskrifta §4).

## **KOMMUNEREFORM**

I ein rapport: *Kommunereform – sjekkliste for revisor, kontrollutvalg og sekretariat* frå Norges Kommunerevisorforbund går det fram ei slik anbefaling:

*I kommuner som vil bli berørt av kommunereformen, bør tidshorisont og innhold i overordnet analyse og plan for forvaltningsrevisjon vurderes. Det bør vurderes hvilke forvaltningsrevisjonsprosjekter som vil være mest relevante i en slik situasjon. Kontrollutvalgene bør i denne fasen også vurdere andre kontrollvirkemidler som f.eks. orienteringer fra rådmannen og virksomhetsbesøk.*

Kommunerevisjonen vurderer det slik at kommunereforma raskt vil kunne gje konsekvensar for alle kommunar, også for dei som ikkje vel å slå seg saman med andre kommunar. Ein rullerande plan tek difor etter vår vurdering best vare på fleksibilitet i høve dette.

## **TIMEBUDSJETT**

Kommunerevisjonen har i budsjettet lagt til grunn ei timeramme på 175 timer i året til forvaltningsrevisjon for Stranda kommune. Denne ramma skal ein sjå over planperioden, slik at samla timeramme disponert av kontrollutvalet då blir 700 timer.

Ein tek sikte på å oppdatere/rapportere bruken av denne timeramma ved oppdatering av planen for forvaltningsrevisjon ved dei to faste møtepunktia i kontrollutvalet.

I høve til dette kan det ved hendingar/bestillingar som gjer at ein må gå over budsjettet ramme, vere aktuelt å gjere ei tilleggsfakturering i særskilde situasjonar. Dette krev i slike tilfelle vedtak i kommunestyret.

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Stranda kommune

Dato: 06.09.2018

**SAK 20/18  
VEDKOMANDE BUDSJETT 2019 - STRANDA KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Stranda kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggast i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Stranda kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-  
Saka sendes over til rådmann for innarbeiding i Stranda kommunes budsjett for 2019.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat